

# Manuskript og brev




Ernst Meyer: «En romersk gadeskriver skriver et brev for en ung pige», 1827, Thorvaldsens Museum, København. Motivet er fra Foro di Augusto, Augustus' Forum, nær Forum Romanum.



Ernst Meyer: «En romersk gadeskriver læser et brev for en ung pige», 1829,  
Thorvaldsens Museum, København.

# Skriftkulturens handskrifter



Ivar Aasens gjenbruk av konvolutt frå ein avsendar i Trondheim. Ms. 4° 915: 17, Nasjonalbiblioteket, s. 681 i digital versjon.

MARBACH VAR EIN IDYLLISK Dorf denne vårdagen. Byen med sin Altstadt av bindingsverkhus har ei historie som tek til i 973, oppe i bakken ligg huset der Friedrich von Schiller blei fødd, og på ei høgdedrag ein kilometer ovanfor ligg Litteraturmuseum der Moderne, forkorta LiMo. Der oppe ligg også Schiller Museum og Deutsche Literaturarchiv. Av ukjend grunn spelar kortforma LiMo på limonade, det tyske ordet for brus.

Denne aprildagen i 2007 var litteraturmuseet eitt år gammalt. Det er bygt i betong og mørkt edeltre som ein stor firkant, enkelt og elegant utvendig. Museet har seks tilsette, arkivet om lag 170; den delen er som eit nasjonalbibliotek, men det er i Frankfurt og Leipzig dei tyske nasjonalbiblioteka ligg. Marbach er meir som eit forskingsbibliotek for germanistar.

Det nye museet hadde alt då dødsbu etter om lag 1200 personar og om lag 50 millionar dokument og gjenstandar. Museet i den vesle byen med 13 000 innbyggjarar ein halvtime unna millionbyen Stuttgart hadde om lag 40 000 gjester i året.

Hovudutstillinga gjorde eit veldig inntrykk med det same. Etter kvart blei den strengt intellektuell og så rettlinja i formene at den var kjølig. Det dunkle rommet med dei skarpe lys fylte fire stramme rekkjer av vitrineskap der fortida låg på rekkje og rad, som ein mellomting av bibliotekorden og militærmarsj.

I vitrineskapa viste museet 1309 gjenstandar frå 1880-åra til i dag, og dei tok mål av seg til å skifte ut 20–30 i året. I dei lukka glashyllene låg objekta strengt kronologisk på tvers av litterære epokar og sjangrar. Dei fire rekkjene hadde kvar sine hovudprofilar: manuskript – der eit omstridd originalmanuskript av Franz Kafka til *Der Prozess* var dyrast av alt, trykte skrifter, brev og postkort og alt slikt (medrekna ølbrikker), og personalia av typen ei saks og ei anonym drosjekvittering etter filosofen Hans-Georg Gadamer.

I dette lyset av glas møttest høgt og lågt, fiksjon og sak, kjent og ukjent. Kvart skap hadde fem høgder, og nedst låg ting for barn, brev som barn hadde skrive, andre objekt i barnehøgd.

Kontrasten var absolutt, frå kladd og overstryking og retting til framvising i linjerett presisjon. Der var ein ytre orden som ikkje hadde noko med innhaldet og historia å gjere.

**FRÅ MUNN TIL HAND:** Kunnskap og erfaring, tanke og meining, gjekk frå munn til hand og blei til skrift. Det som hadde vore flyktig, kunne no bli varig. Skrifta skapte den absolutte avstanden mellom tanke og uttrykk, og gjorde stunda her og no til æve. Det endra minnekunsten, og det endra tenkinga. Med skrift kunne nye former skapast og forståast.

Dei store samfunnssystema blei forma i munnlege kulturar, men var avhengig av skriftkulturar for å etablere makt og strukturar som kunne vare. Det politiske systemet blei forma gjennom retorikken, og langt på veg gjaldt dette også skule, kyrkje, rettsvesen. Alle var dei der før skrifta tok over, og aldri tok skrifta heilt over.

Handskrift blei tidleg ein måte å mangfaldiggjere noko på. Å skrive av var å publisere. Berre i Paris skal der ha vore over 6000 avskrivarar på 1200-talet.<sup>1</sup> Handskrifter dominerte gjennom mellomalderen, og ein manuskriptkultur utvikla seg til eit høgdepunkt på 1400-talet, nett då prentekunna tok form, men manuskriptkulturen varte lenge enno. Avstanden var stor mellom denne kulturen og den tidlege prentekulturen, skriv historikaren Leidulf Melve.<sup>2</sup> Fleire kunne lese og skrive på 1500-talet enn før, men for få til at prentekunna kunne revolusjonære skrifttradisjonane, legg han til.

Få kunne skrive, fleire kunne lese, men mange måtte ha hjelp til begge delar. Å skrive blei den viktigaste måten å lagre informasjon og kunnskap på, skriv historikaren Arnved Nedkvitne.<sup>3</sup> Her i nord utførte klerkar i geistleg teneste eller skrivarar i offentleg teneste med det som skulle skrivast eller lesast.

---

<sup>1</sup> H. Scheibler: *Boktrykkerkunstens og avisenes historie*, W.C. Fabritius & Sønners Forlag, Kristiania 1910, s. 14.

<sup>2</sup> Leidulf Melve: *Med ordet som våpen. Tale og skrift i vestleg historie*, Oslo 2001, s. 149 og 159.

<sup>3</sup> Arnved Nedkvitne: *The Social Consequences of Literacy in Medieval Scandinavia*, Turnhout 2004, s. 243.

Den danske biletkunstnaren Ernst Meyer har fanga inn denne tida i to verk med byskrivaren i Roma som leiemotiv. Bileta er frå Piazza Monteferrante ved Forum Romanum. Byskrivaren var eit vanleg syn på 1700-talet og forsvann gradvis med aukande lese. Og skrivekunne. Tre av fire italienarar kunne lese og skrive kring 1850 – fleire menn enn kvinner, fleire i byane enn på bygdene. Poenget er at den som sjølv ikkje kunne lese eller skrive, var likevel ikkje stengd ute frå skriftkulturen. Byskrivarane sulle gjere sitt arbeid utan å vise, dei var som skuggeskrivarar. Politikken blei meir skriftleg, og korleis kunne allmugen då fremje sine interesser?

Gjennom handskriftene blei tankegangane synlege på den måten at ein ofte kunne sjå korleis dei endra seg. Prosessen kunne bli synleg, som hos ein Ivar Aasen. Lesaren kjem tettare på ved å lese eit handskrift enn eit trykk. Handskrifta er både utgangspunktet og resultatet, kladd, forarbeid, reinskrive. I handskriftet kan det vere noko uferdig, noko som ikkje er endeleg, og som ein ser er slik.

Etter at prentekunsten blei institusjonalisert, blei handskriftet anten meir privat eller meir offisielt.

Og tvert imot. Til skiftande tider måtte manuskript gøymast for at makthavarar ikkje skulle finne dei. Det kunne jamvel gå slik at heilt skrifter måtte takast vare på som munnlege minne så dei ikkje kunne øydeleggjast. Det gjorde den opposisjonelle forfattaren Anna Andrejevna Gorenko frå dagens Ukraina med pseudonymet Anna Akhmatova i si tid i Sovjetunionen.<sup>4</sup> I 1935 tok ho til å skrive den store elegien *Requiem* om lidingane under Stalins terror. Ho visste at ho ikkje ville få det utgitt, og at ho kunne bli arrestert når som helst. Då måtte ho ikkje ha eit slikt manuskript på seg.

Gorenko memorerte difor diktet del for del og sytte for at vener gjorde det same. Gjennom munnleg overlevering kunne diktet takast vare på. I ein munnleg kultur ville variantar oppstå fordi ein hugsa feil. Gorenko reviderte derimot jamleg diktet sjølv og forvanska dermed traderinga. Slik heldt ho på til den endelege teksten var der i 1961.

Året etter møtte ho Aleksander Solsjenitsyn og resiterte diktet for han. Solsjenitsyn hadde skrive *En dag i Ivan Denisovitsj' liv* og vore nøye

---

<sup>4</sup> Martin Buchner fotel historia i *The Written Word. The power of stories to shape people, history, civilizations*, New York 2017, s. 273–289.

med å brenne alle utkast slik at der berre var eitt manuskript. Dei hadde begge kontakt med sovjetrussiske miljø som publiserte *samizdat*, få eksemplar på gjennomslagspapir frå skivemaskin. Eksilutgivingar blei kalla *tamizdat*, og slik blei *Requiem* utgitt i München i 1963, same året som romanen av Solsjenitsyn kom ut på norsk. Først med Mikhail Gorbatjovs perestrojka kunne *Requiem* trykkjast i Sovjetunionen, i 1987. Då var det gått 11 år sidan Gorenko døydde. På ein tur vestover i Europa for å ta imot ein litteraturpris i 1966 hadde ho nytta høvet til å resitere diktet for nye minneberarar.

**MANUSKRIFT OG AUTENTISITET:** I skriftkulturar er ingen ting meir autentisk enn forfattarens handskrift og handskrifter. Dette kan vere autografar, signaturar, tekstar skrivne for hand eller maskinskrivne tekstar med handskrivne rettingar. I den klassiske retorikken hadde ein talar fire val: leggje til, stryke ut, byte om eller erstatte. Den reinskrevne eller publiserte teksten viser ingen slike spor, men det gjer kladdar, skisser og utkast frå tida før pc-en blei vanleg. I dei rike landa vil det seie tekstar frå tida før 1990. Enno på 1980- og 1990-talet definerte forlag kva som va originalmanuskript og som difor skulle returnerast til forfattaren når boka var prenta. Datafiler sende som vedlegg til e-post får ingen slik status, og e-postar er noko heilt anna enn originalbrev.

Kva som går tapt, er dokumentert i mange utstillingskatalogar og bøker om bøker. Sveitsaren Martin Bodmer var berre 16 år gammal då han i 1915 tok til å samle bøker og handskrifter. Då han døydde i 1974, inneheldt Die Bibliotheca Bodmeriana om lag 150 000 einingar. Eit utval frå samlinga blei stilt ut i 2000 og dokumentert i den umåteleg vakre tobandskatalogen *Spiegel der Welt. Handschriften und Bücher aus drei Jahrhunderten* frå same året. Eg kjøpte verket i Marbach den aprildagen i 2007.

Her blir det tydeleg korleis autentisitet og individualitet heng saman. På trykk ser skrifter av Charles Darwin, Immanuel Kant og Marie Curie i prinsippet like ut. Skilnadene i språkføring og stiltone er der, men skriftbiletet uniformerer dei på boksidene. Den intense, energiske handskrifta til Kant, dei merkeleg store ordmellomromma i tekstar av Darwin, den sirlege reinskrevne teksten av Curie – alt dette forsterkar det personlege uttrykket som ligg i ordval og setningsform. Ei side frå eit talemanuskript av Napoleon Bonaparte frå 1797 viser korleis han strauk

og la til for å finne fram til det han ville seie, og i eit førelesingsmanuskript frå 1920 om relativitetsteorien har Albert Einstein ombestemt seg fleire stader.

Slik kan det autentiske også hengje saman med tankeprosessen. Det er det som blir dokumentert gjennom alle kladdane og utkasta Ivar Aasen skreiv også. Første linja i «Nordmannen» stod tidleg fast, men kva skulle kome etterpå, i den strofa og i dei neste strofene? Han brukte 12 år på å bestemme seg.

Aldri var det autentiske manuskriptet vanlegare enn på 1800- og 1900-talet. Då arkiv og museum hadde finpussa rutinane sine for å ta vare på slike skrifter, tok den digitale tida til.

Nasjonalbiblioteket kjøpte i 2009 større mengder manuskript og datafiler frå Jan Kjærstad for 200 000 kr. Ein forfattar som Jon Fosse tek derimot ikkje vare på datafilene med dei ulike versjonane av manuskript. Notatboka er framleis ein viktig arbeidsreiskap for mange forfattarar, og desse vil bere noko av den autentisiteten som digital skriftkultur slettar. Tapet av det autentiske er altså eit nytt fenomen og vil først merkast om 50 eller 100 år.

**EDISJONSFILOLOGI OG TEKSTKRITIKK:** Dermed kjem edisjonsfilologien til eit vendepunkt. Der er nok å ta av frå eldre skrifter, men tanke- og skriveprosessane kan frå og med det 21. hundreåret bli like usynlege som antikken er for oss i dag. Så sant datafilene er konvertible, kan skriftene sikrare enn nokon gong tidfestast. Det er så. Konkordansanalysar kan også gi effektiv innsikt i dei tilfella ulike variantar ligg føre. Utskrifter med margnotat og rettingar kan også finnast. Dessutan, og det er det viktigaste, kan dataprogram utviklast som gjer det mogleg å restaurere endringane i tekstar.

Heller enn å fortvile om eit mogleg tap av autentisitet gir det difor mening å ta vare på det som finst og halde oppe rfespekten for å lese originaldokument og primærkjelder. Med den store utgåva av *Symra* i 2013 la Terje Aarset for første gong også fram ei utgåve av denne dikt-samlinga utan trykkfeil. *Henrik Ibsens skrifter* var eit større edisjonsfilologisk prosjekt i same lei – no kan vi endeleg vite sikkert kva Ibsen faktisk skreiv. Slike arbeid minner om at i det minste den vilkårlege trykkfeilen har fått trongare kår – kanskje, på papiret.

Så er altså også truverdet ein del av det autentiske. Ingen stad er dette tydelegare enn i bibelforskinga. Der manglar dei sikkert identifiserte originalmanuskripta – alt er avskrifter. Heile tida er der ei rørsle mot det opphavlege i det autentiske, og difor var funnet av Daudehavrullane i 1948 så skilsetjande for forståinga av kvar ulike kjende bibelhandskrifter høyrer heime i tilblivingsprosessen.

For museum er originalmanuskript unike gjenstandar. Ein kopi liknar originalen, men er likevel noko anna, og originalen er heva over alle kopiar. Verdien av det autentiske blir framheva ved at musea informerer tydeleg om kva som eventuelt er kopiar.

På same måten er det noko spesielt med førsteutgåva av eit verk, anten forfattaren har endra teksten i seinare utgåver eller ikkje. Førsteutgåva er det opphavlege trykket, med sine eventuelle lyte. Seinhastest 1517 blei Martin Luthers 95 tesar på latin prenta i både Basel, Nürnberg og Leipzig. Det blei gjort utan at forfattaren visste om det. Det som blir sagt å vere eit førstetrykk i Wittenberg, er kjent i berre tre eksemplar. Eitt av dei er i Bodmer-samlinga.<sup>5</sup> I litteraturen om Luther-tesane er eit slikt førstetrykk i Luthers heimby ikkje nemnt. Eit bilet av dokumentet i Bodmer-katalogen tyder på at det dreiar seg om Nürnberg-trykket.

Den som skriv, skriv gjerne også om det ho eller han skriv med. Nietzsche som sjølv skreiv svært vakkert, lèt seg fascinere av skrivemaskinen og hylla i eit dikt i 1882 denne oppfinninga:<sup>6</sup>

Schreibkugel ist ein Ding gleich mir von Eisen  
Und doch leicht zu verdreh'n zumal auf Reisen.  
Geduld und Takt muss reichlich man besitzen  
Und feine Fingerchen, uns zu benützen.

Skrivekula var ei oppfinning frå 1865 av den danske presten Hans Rasmus Johann Malling-Hansen ved døvstuminstituttet i København. Dette var den første skrivemaskinen som blei serieprodusert, og den var i sal frå 1870. Det første bokmanuskriptet skrive på skrivemaskin er *Life on the Mississippi* av Mark Twain i 1883.<sup>7</sup>

<sup>5</sup> Spiegel der Welt. Handschriften und Bücher aus drei Jahrtausenden, II, Marbach 2000, s. 102 ff.

<sup>6</sup> Ottar Grepstad: Språksansen, Oslo 2013, innførsel 16.2.

<sup>7</sup> Ottar Grepstad, same staden, innførsel 14.7.

Nokre tiår seinare gav Olav H. Hauge motvillig etter for denne oppfinninga. Han skaffa seg «eit stygt spetakkel av ei skrivemaskina på bordet. Eg som fyrr har gjort all skrivingi på eit kladdepapir på sengestokken eller på ei fjøl ved høvelbenken», står det i dagboka 6. januar 1958. Han heldt seg til det gamle. Berre to månader seinare noterte han for hand i dagboka 28. mars 1958: «denne Parkerpennen, som eg no skriv med, vil verta betre enn ein skral skulepenn.»

Ordet *hand* er eitt av dei viktigaste i dagbökene og i Hauges lære om å skrive. Meir enn ein gong skreiv han at han hadde kakka saman eit vers. Han vann fram til si forståing av det å skrive gjennom å jamføre skrivinga med andre former for handverk. Det gjaldt å vere like presis. «Ein forfattar som ikkje kan grammatikk, er som ein byggmeister som ikkje har greidt for seg kva stavar, upplengjor, stavleidor, bitar, åsar, bjørneryggjer, hanabjelkar, band og sperr og tak er for noko og kva dei skal tena til», heiter det i dagboka 23. april 1958.

Også Ivar Aasen var konservativ. Å skrive med pennesplitt var greitt. Verre var det å finne blekk som heldt mål.

Der er mykje slik trivia om førsteutgåver, manuskript, skriving, forfattarar. Tilblivingshistoriene dannar skriftkulturens mytologi og gjer skrifta viktigare. I ein skriftkultur blir forteljingar, synspunkt og analysar akkumulerte, og dermed aukar avstanden til utgangspunktet. I staden for å sjå etter i primærkjelda er det gjerne lettast å gripe til ei sekundærkjelde. Di meir kommentarar som blir akkumulerte, di viktigare blir det å hente fram originalen, det opphavlege skriftet, og få stadfest om sitatet er rett eller synspunktet presist referert.

Skrivemaskinen blei eit overgangsfenomen, ein parentes om noko slikt som hundre 100 år. Så kom rettetasten, før pc-en endra alt og fjerna spor etter endra tankar. Forsvann gjorde også den fysiske individualiten; i den digitale teksten ligg det personlege i språkføringa, ikkje i handføringa. Trøysta er at det dermed er blitt endå viktigare enn før å skrive godt.

Handskrifta di er därleg, klaga ein lærar til eleven sin og slo han. Ein gong for lenge sidan, i oldtidsbyen Ninive i dagens Irak, der dei snakka og skreiv sumerisk for fleire tusen år sidan. Klagemålet skreiv

eleven for hand i leire før leirtavla blei brend og bevart og funnen att kring 1850.<sup>8</sup>

Avskrift blei til skrift, trykk sette sine avtrykk.

Å SKRIVE VAR OGSÅ Å PRØVE seg fram. Handskrift var både utgangspunkt, vegen fram og resultatet – kladd og reinskrift i eitt. Det vil seie at der kunne vere noko uferdig i handskriftet, noko som ikkje var endeleg, der ikkje alt var bestemt og konkludert.

Etter at prentekunsten blei etablert i hundreåra fram mot 1500, blei handskriftet til dels meir privat – som brev, referat, notat, som forarbeid og grunnlag for det som skulle prentast.

Når forstod Olav H. Hauge at den dagboka han hadde skrive sidan han var 15 år gamal, ein gong ville og burde bli offentleggjord? Og kva tenkte Ivar Aasen, som tok til å skrive dagbok då han var 17 år gamal – den eldste kjende dagboka frå ein bondeson? Aasen gjorde noko som helst for å kvitte seg med det han hadde skrive. Hauge brende eit par manuskript til diktsamlingar, men som Aasen kladda og skreiv han, skreiv og kladda.

I handskriftet er personen framleis fysisk til stades, men i tekstar frå skrivemaskin, trykkjeri, pc er berre teksten fysisk synleg. Berre i manuskript skrivne for hand eller på skrivemaskin kan ein til tider sjå spora etter skiftande sinnstemningar eller ombestemmingar. Slikt gjer handskriftet meir ope, og skjørare. Omskrivinga var presiseringa. I eit tidleg manuskript om relativitetsteorien gjorde Einstein fleire overstrykingar.<sup>9</sup> Ivar Aasen kladda og kladda. Journalisten Herbjørn Sørebø makta aldri å leve frå seg ei maskinskriven side der noko var feilskrive; då skreiv han sida på nytt. Sigmund Skard skreiv med stor linjeavstand og strauk og la til med tydeleg kulepennskrift, nesten alltid blå skrift, ofte så mykje at manuskriptsida minnte meir om eit handskrift enn ei skrivemaskinside.

Handschrifta kan altså vise korleis eit menneske ombestemmer seg, endrar mening, nyanserer eller skjerpar teksten. Difor er mansuskript ein opnare versjon av ein tekst enn den trykte eller digitale utgåva er.

Å kladde var å tenkje seg om, prøve seg fram, sortere. Ivar Aasen kladda alt han skreiv, og sjølv om ingen systematisk har studert forhol-

<sup>8</sup> Martin Buchner: *The Written World. The power of stories to shape people, history, civilizations*, New York 2017, s. 35.

<sup>9</sup> Spiegel der Welt. *Handschriften und Bücher aus drei Jahrtausenden*, II, Marbach 2000, s. 155.

det dette mellom manuskript og trykt tekst, var det nok sjeldan han var nøgd med første forsøket. Å skrive var å tenkje.

I skrifta blei endringa festa til papiret. Difor kjem ein tettare på den som skriv ved å lese handskriftene etter vedkomande enn ved å lese trykte utgåver av tekstane.

HANDSKRIFTENE ETTER IVAR AASEN er mange. Upubliserte manuskript kan vere eit skattkammer av ukjent stoff, ein litterær bankboks. A.O. Vinje publiserte nesten alt han skreiv, ser det ut til, medan Ivar Aasen skreiv mykje meir enn han publiserte, og han tok vare på kladdane sine.

Manuskripta hans har aldri vore talde nøyaktig. Dei kan sorterast i fem grupper: manuskript, brev, dagbøker, arbeidsplanar, oppteikningar og rekneskapsbøker. Denne delen av bibliografien dokumenterer 1792 manuskript, trykte og uttrykte. Diverre er talet ufullstendig. Mange stader er fleire dokument rekna som eitt. I tillegg kjem 399 brev frå Aasen; av dei er 344 dokumenterte nedanfor. Utanom alt dette er det 858 brev til Ivar Aasen.

Ein katalog av Moltke Moe over Aasen-samlingane ved det som den gongen var Universitetsbiblioteket, innehold over 10 000 sider, skriv Terje Aarset.<sup>10</sup> Det er ikkje alt. Berre manuskriptet til *Norsk Ordbog* i 1873 var på 3453 sider.

Blant manuskript i Nasjonalbiblioteket som enno ikkje er publiserte, er dikta «Atterslag fyre Lastmåli mot Aalmugen» (Ms. 4° 915: 23:7:1) og «Den 34te Fødselsdag» (Ms. 4° 915: 23:15:23), og prosastykka «Mærkelige Nordmænd» (Ms. 4° 915: 23:9:5), «Imod smaa bogstaver i skriftsproget» (Ms. 4° 915: 23:9:16) og «Maalfusk» (Ms. 4° 915: 23:13:2). I 20-årsalderen dikta Aasen fleire salmar med titlar som «Morgensang» og «Aftensang», «Morgenvers» og «Aftenvers» (Ms. 4° 915: 14:4). Dei er framleis manuskript.

Breva og dagbøkene har Reidar Djupedal gjort grundig greie for i etterord til *Brev og Dagbøker*, band II og III. Artikkelen «Om Ivar Aasens brev» inneholder også mykje stoff om ein del manuskript til dikt og viser.<sup>11</sup>

<sup>10</sup> Terje Aarset: «Rapport om bruken av FoU-midlar», brev til Møre og Romsdal høgskulestyre 17.7.1992, arkiv Ivar Aasen-tunet. I allfall manuskripta til ordbøkene og namneboka er ikkje med i den katalogen. «Manus låg vel att i trykkeriet» (Terje Aarset i e-post 21.6.2012).

<sup>11</sup> Reidar Djupedal: «Om Ivar Aasens brev», i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 369–401.

Djupedal framhevar breva som skriveøvingar for Ivar Aasen. Han brukte tid på å skrive breva, tenkte grundig gjennom kva han skulle skrive og korleis han skulle ordleggje seg. Aasen tenkte ved å skrive, og Djupedal legg vekt på at dei ulike teksttypane ikkje bør isolerast frå kvarandre. Arbeidsforma var i mange tilfelle den same: utkast, kladd, originaltekst.

Sjølv dagbøkene arbeidde han med på denne måten.<sup>12</sup> Om desse skriftene brukte Aasen fleire nemningar, mellom anna «Optegnelser for Aaret til Erindring». Nokre av reisedagbøkene skreiv han som utførlege reiseskildringar, men først og fremst noterte han det som var gjort. Ved mange årsskifte bearbeidde han så dette materialet, om lag på den tida då han leverte sine årlege arbeidsmeldingar til Kirkedepartementet. Slik tenkte han gjennom det som hadde skjedd og hadde eit klarare bilet av gjort og u gjort.

Då Aasen gav ut det første visetrykket sommaren 1833, hadde han alt skrive i allfall i sju-åtte år, frå 1825. Tidleg i 1830-åra skreiv han dikt på dikt, om att og om att, han dikta og tenkte, skreiv og dikta. «Smaae Digt» skreiv han utanpå ei av skrivebøkene. Dei var linjelange og strofetette. Stort sett skreiv han lengre dikt i tidlege år enn seinare. Den einaste som til no har lese denne diktinga grundig, er Stephen J. Walton. I biografien *Ivar Aasens kropp* går det med nesten 40 tette sider om ungdomsdiktinga til Ivar Aasen.<sup>13</sup>

STORT SETT ER MANUSKRIPTA velordna. Difor er ein av boksane i Aasen-samlinga til Nasjonalbiblioteket særleg interessant av den enkle grunn at innhaldet er usortert. Ms 4° 915: 17 inneheld fem legg med til saman 383 dokument. Dei fleste er ark og lappar med skrift på begge sider. 200 av dokumenta kan kategoriserast som lappar eller ark med ord og ordforklaringar, mange av dei ekscerpt frå ulike kjelder. Materialet blei gjenomgått i mai 2018.

Å bla gjennom alle desse dokumenta er som å vitje arbeidsrommet hans. Denne boksen rommar røynda, det mylderet av papir og lappar og ark og notat og bitar og huggelister og kladdar og reinskrivne sider som må ha vore kvardagen hans. Dei dokumenta som inneheld datoar, viser at det meste er frå tida han budde i Holbergs gate 23, altså etter 1880. Eit

<sup>12</sup> Reidar Djupedal: «Om Ivar Aasens dagbøker», i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, s. 477–484.

<sup>13</sup> Stephen J. Walton: *Ivar Aasens kropp*, Oslo 1996, s. 665–703.

av dokumenta er likevel fire sider med latinske namn, datert 1829. Då var han 16 år gamal.

Det mest interessante av alle dokumenta er i legg 1. Det er eit reinskribe manuskript «Innanlands Tidender» på fem sider signert (I.A.). Den første notisen handlar om Gudvangen i Sogn og er datert i mai eit ukjent år. Eit enkelt søk i Reidar Djupedals minutiøse register til bladet viser at namnet Gudvangen førekjem éin gong, i Dølen 27. mai 1860. Der var teksten prenta.

At Aasen skreiv på emballasjepapir for tobakk, er velkjent. Mest skal han ha røykt Petum optimum, og i boksen ligg jamvel eit ubrukt emballasjeark for den tobakken. Der er også emballasjeark for Stærk Amerikansk Tobak No. 6. I boksen ligg også fleire lappar der han har skrive på tvers av si eiga eldre skrift. Han skreiv smått og brukte begge sider av arka og skreiv fleire gonger på same arka.

Han var med i den såkalla domsnemnda i Samlaget like frå forlaget var skipa til han døydde. Domsnemnda var den tids ord for redaksjon. Ivar Aasen var med og avgjorde kva forlaget skulle gi ut. Frå dette arbeidet finst det få skriftlege spor etter Ivar Aasen. Difor er det ein sjeldan lapp som ligg i denne boksen, med overskrifta «Samlaget 1876». Det ser ut som det er eit notat frå årsmøtet 22. februar 1877, der Arne Garborg blei vald til formann.

Ein lapp med overskrifta «Trykfeil» er manuskriptet til siste sida i første utgåva av *Norsk Grammatik* frå 1864. Ein av feila hang att i andre utgåva frå 1899, med tilsvarende innførsel på siste sida.

To ark inneheld strofer til viser. Den eine inneheld rimparet Fagnad – Lagnad, som finst fleire stader hos Aasen, men denne strofa var ei skisse han aldri publiserte, og som han strauk over. Ei anna vise er på tre strofer, kvar med seks linjer.

AASEN ORDNA GJERNE VERDA i kolonnar. Med sin orden i skrivesakene levde og arbeidde han i overgangen frå eit safunn med ein sterk munnleg kultur til eit samfunn der skrifta tok meir og meir over. Dei fleste kunne lese, færre kunne skrive. Orden er ikkje noko som høyrer berre skrifta til, men blei utført på andre måtar enn før. Å ordne, sortere, kategorisere og systematisere fekk likevel ein analytisk tilleggsdimensjon gjennom skrifta.

Aasen laga system utan heilt å vite kor slitesterkt det måtte eller ville bli. «Mit Arbeide vil komme til at indbefatte en uhyre Mangfoldighed og det af meget forskjellige ulige Dele. Hvorledes det skal Alt bringes i den bekvemmeste Orden, og hvordan det skal see du, som udkommer af denne Røre, det forstaar jeg ikke. Men kommer Tid, kommer Raad», skreiv han i 1843.<sup>14</sup>

Lister høyrer skrifta til, og Ivar Aasen blei ein listemann. Med lister ordna han sin eigen kvardag like frå tenåra. Minst 100 lister er tekne vare på, frå den første trostefangsten i 1826 til liste over kva han skulle ha med seg på det som viste seg å vere den siste turen til Sunnmøre i 1886. Mest av alt handla det om kva han hadde gjort, kva han skulle gjere, skrifter han hadde skaffa seg og pakkelister for reiser. Gjennom brev og dagbøker ordna han sitt eige liv i skrift, og på ulike måtar ordna han sitt faglege arbeid slik eit moderne menneske gjer – kronologi (dagbok), alfabet (ordbok), tema (ordtak), struktur (grammatikk), geografi (språksamlingar), oppsummering (årsmelding til departementet).

Sjølvbiografiske tekstar skreiv han minst seks av i prosa og på vers, men sjølv publiserte han ingen av dei. Dette var tekstar til sjølvrefleksjon og samanfatning. Han skreiv ei skriftleg høgtenking med seg sjølv. Berre i 1850-åra laga han ti lister over kva han skulle utrette, og den siste arbeidslista skreiv han så seint som i 1881. Halve livet visste han dermed kva han hadde ugjort. Nye idear kom til, strukturar og disposisjonar og malar blei forma. «Plan for Reisebemrkn.», skreiv han i ni punkt i 1842. Fire år seinare noterte han «Tanker til Anvendelse ved Leilighet».

Dette var ikkje noko han sysla med åleine; jamleg kom det brev med ønske om kva andre vona at han ville gjere. Summen av dette må ha vore ubehageleg. Likevel skunda han seg ikkje. I skrift kunne han forme detn heile gjennom den same prosessen som han så ofte følgde; ein tekst gjekk frå kladd, forarbeid, endeleg versjon, eventuelle tillegg.

Å skrive var for han å avlaste minnet. Det gode minnet og evna til orden sette han i stand til å bearbeide mykje materiale munnleg, ikkje minst når han var undervegs frå ein stad til neste. Ved å skrive hugsa han meir og betre, og det han skreiv, blei viktigare enn det han kunne fortelje munnleg. I skrift kunne han jamvel ta vare på meir enn det viktige, avgjerande, skilsetjande.

---

<sup>14</sup> Ivar Aasen i brev til Ludvig J. Daae 16.1.1843, i *Brev og Dagbøker*, I, Oslo 1957, s. 61.

IVAR AASEN FESTA DET MUNNLEGE til papiret og æva etter skriftlege føredøme. Dei fleste kjeldene hans var munnlege. Side opp og side ned sitter han folk han har snakka med, men i beste fall blir dei identifiserte med eit stadnamn. Ordbökene og grammatikkane er sitatsamlingar på ordnivå i alfabetisk orden. Det er også ordtaksamlingane, berre ordna tematisk. Ivar Aasen skriftfesta ein fleire hundre år lang munnleg språktradisjon. Han skreiv ned eit språk i alle sine detaljar. På den måten markerer han overgangen frå munnleg tale til skriftkultur. Det har mange gjort etter hans tid. Få hadde gjort det før.

Han levde sitt liv i skrift. Han skreiv og las, las og skreiv. Det gjekk knapt ein dag utan at han skreiv eller las. Nettopp fordi han levde som han gjorde, er boksamlinga hans viktigare enn biografane har gjort den til. Boksamlinga er det mest handfaste provet for korleis det stod til med språkkunnskapane hans.

Først skreiv han bøker, så tok han til å samle på bøker. Var det slik? Ja, sei det. Ivar Aasen var iallfall ein god kunde for bokhandlane i byen.

Ein del av bøkene fekk han. For somme var det viktig å gi han den nye boka si og med det bli viktigare på den litterære arenaen. For andre var det viktig å gi han bøker i respekt og takksemd, eller som vene. For nokre kunne det også dreie seg om utveksling av bøker – eg får di, du får mi. Alle slike bokgåver ber nok ikkje givarens namnetrekk. 165 av bøkene er utstyrte med dedikasjonar frå forfattarar, kollegaer, forleggjarar eller vene. Dei fleste er frå dansk-norske forfattarar, og han fekk fleire av svenske forfattarar enn av landsmålskollegaer.<sup>15</sup>

Dedikasjonane er på mange språk. Elias Blix dediserte ei utgåve av *Nokre Salmar* på dansk-norsk, A.O. Vinje skreiv på engelsk i *A norseman's view of Britain*, og gudbrandssdølen Ivar Blekastad signerte «Aat Ivar Ivar med innerle takk».<sup>16</sup> Slike personlege signaturar er formelfaste i skrivemåten, men variasjonen syner også at skriftspråket enno ikkje har festna seg.

---

<sup>15</sup> 75 av dei 165 bøkene er frå dansk-norske forfattarar, 49 frå svenske, 21 frå landsmålsforfattarar. Nær to tredelar av bøkene med signatur, 95 i alt, er språkbøker.

<sup>16</sup> Det går fram av dagboka at Vinje gav han boka si 25.6.1863. Den boka Aasen fekk av Blekastad, var *Soga fraa Sinklar og Skottom*, utgitt 1879.

Grimm og Rask var viktige for Aasen i bokform, men fagleg hadde han meir å gjere med svenske enn med danske kollegaer.<sup>17</sup> I språkbøkene er det flest dedikasjonar frå svenske og tyske kollegaer. Han fekk også dediserte eksemplar frå meiningsmotstandarar som Knud Knudsen og Johan Storm. «Hr. I. Aasen venskabeligst fra Forfatteren», skreiv Knudsen i *Haandbok i dansk-norsk Sproglære* i 1856. I 1878 fekk han *Det norske Maalstræv* av den sterke meiningsmotstandaren Johan Storm: «Herr Stipendiat Ivar Aasen med Høiagtelse fra Forf.»<sup>18</sup>

Dette vitnar at eit fagmiljø hadde danna seg og at der var eit miljø for fagleg meiningsutveksling og fagleg sjølvforståing. Først og fremst blei han sett på som språkforskar, og der var han heva over den politiske kritikken. I 1878 fekk han også *Maalreisningen her hjemme, belyst fra udlandet* av den norske målmannen Hans Ross, utan dedikasjon.<sup>19</sup>

Ivar Aasen fekk færre bøker i det tidsrommet han sjølv kjøpte mange bøker. Av bøkene han samla seg, ser det ut til at han sjølv kjøpte åtte av ti.<sup>20</sup> Difor seier samlinga hans mykje om kva han sjølv interesserte seg for.

Fagleg var behovet avgrensa i tida fram til han hadde ferdig *Norsk Grammatik* i 1864. Det viktigaste lesestoffet var nedteikningane og skriftfestingane frå dei mange reisene gjennom språket. I 25 år arbeidde han mest med å finne språklege mønster og skape orden i all skriftfesta tale. Det var ikkje bøker han trong, men tid. I den mest intense arbeidsperioden hadde ikkje Ivar Aasen tid til å lese så mykje av kva andre hadde skrive. Han hadde meir enn nok med å oppdage mønstera i det folk hadde sagt til han.

Interessa hans for det norske gjorde nok at han særleg skaffa seg skrifter som var relevante for det emnet. Slike bøker kom ut også utanfor landegrensene. Når bøker utgitt i Noreg dominerer, seier det noko om at

---

<sup>17</sup> Kjell Venås presenterer nokre av desse svenska fagfolka i *Då tida var fullkommen. Ivar Aasen*, Oslo 1996, s. 439 ff.

<sup>18</sup> Ivar Aasen i dagboka 6.12.1878.

<sup>19</sup> Jf. Ivar Aasen i dagboka 22.10.1878.

<sup>20</sup> Boknr. 873 og 874 i katalogen viser ein lite kjend bokserie frå 1871. Elilio Castelar: *Monarki elder Republik* er oppført som «Folkelesna. No 1.» Dette skriften er med i bibliografin i Birger Risnes: *Olaus J. jørtoft*, Oslo 1985. Det er ikkje Benjamin Franklin: *Vegjen te Rikdom. Elde Gamle-Fattig-Rikkard paa Norsk. Korleis ska ein fara aat aa verte rik og vis og lukkeleg*, ved O.J. Fjørtoft. Risnes har derimot med eit anna skrift i serien, som ikkje finst i Aasen-samlinga. Det kom altså minst tre nummer i serien *Folkelesna*.

det var desse bøkene som var mest tilgjengelege. Det hadde også mykje å seie at eit utvida og nytt repertoar av lesestoff prega tilbodet av skrifter utover i andre halvdel av 1800-talet. Forlaga gav ut mange fleire bøker, og dette auka også breidda i utgivingane. Det litterære inventaret endra seg, og for Aasen var det særleg interessant at det jamt kom noko fleire bøker på landsmål. Han fann meir av interesse i 1880 enn i 1850 – og handla deretter.

Dei mange bokkjøpa hans då han ikkje var så aktivt skrivande som før, syner tydeleg at biletet av den aldrande Aasen på ny må justerast. Lenge herja myten om at han var isolert og gjekk så mykje for seg sjølv i Kristiania. Det er ikkje lenger noko meir enn ein myte, ei historie utan belegg. No kan det heller ikkje lenger seiast at Ivar Aasen trekte seg attende dei siste tjue åra. Mengdene av bøker han kjøpte, og alle blada som kom i hus, syner for all verda at han var eit nyfikent fagmenneske så lenge beina bar han.

Same kor mange bøker han kjøpte, fekk eller lånte: For Ivar Aasen var menneskeliva minst like viktige som skriftlivet. Han sat ikkje berre for seg sjølv og las. Han måtte snakke med mange for å vite kva han skulle skrive. Han tenkte og skreiv på sjølvstendig grunnlag. Tilgangen på faglitteratur var avgrensa, og mange av dei skriftene han kunne ha god bruk for, kom ut då han sjølv hadde sett punktum eller iallfall eit semikolon.

Ingen liv kan enkelt sorterast i tiår, men ulike tidsrom i eit liv kan ha skiftande tyngdepunkt. Det gjeld også Ivar Aasen, som publiserte skrifter og tekstar i 62 år. Så godt som heile tida i sitt vaksne liv gjorde han noko, men han gjorde ikkje det same heile tida.

Ivar Aasen lærte å lese og skrive i 1810-åra og 20-åra, førebudde seg i 1830-åra, reiste i 1840-åra, skreiv og las i 1850- og 60-åra, og han las og skreiv i 1870- og 80-åra. Ivar Aasen var ein skrivar og blei ein lesar.

I ALT ER 399 BREV FRÅ IVAR AASEN kjende.<sup>21</sup> Alle desse er publiserte digitalt på Aasentunet.no og i Bokhylla.no. Truleg skreiv han om lag 460 brev. I 1957 og 1958 gav Reidar Djupedal ut brev frå Ivar Aasen i dei to første banda av Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*. Etter den tid har truleg ber-

---

<sup>21</sup> I Ivar Aasens *Brev og Dagbøker* rekna Reidar Djupedal i 1958 seg fram til 391 brev. Skilnaden kjem nok av kva som blir rekna som brev.

re eitt brev kome til, funne i 1997. Dette er ikkje publisert i transkribert form. Djupedal nemner i sine oversyn 39 brev som var komne bort; særleg viktig er det at nesten alle breva han skreiv på Solnør 1835–1842, manglar. For åra 1842–1890 er derimot samlinga truleg komplett.

Ivar Aasen-tunet publiserte til 200-årsdagen 5. august 2013 i alt 147 brev, transkriberte til latinsk skrift. Eirik Helleve stod for dette arbeidet, og han har i alt transkribert 209 brev.

Det meste av det som bør seiast om brevskrivaren Ivar Aasen, har Djupedal gjort i ei avhandling av eit etterord.<sup>22</sup> Han viser at Aasen i breva, som i andre tekstar, brukte dei fleste av dei retoriske verkemidla som Jakob Rosted hadde gjort greie for i *Forsøg til en Rhetorik* i 1810, og som var Aasens lærebok i emnet. Aasen gjore mykje for å bli god til å skrive, og det å skrive brev og arbeide grundig med breva var ein del av dette. Lenge streva han også med å meistre dansk ordlegging og dansk rettskriving. Dansk var ikkje hans språk men i breva skreiv han likevel nesten berre dansk. Ikkje meir enn ti brev er på nynorsk og to på dialekt. Han hadde brukt lang tid på å meistre dansk, arbeidde mykje med kvart brev og gjorde det enkelt for seg. Å føre korrespondansen på dansk var ikkje Aasen åleine om. Både Vinje og Garborg skreiv mange brev på framandspråket.

Aasen brukte gotisk handskrift heile livet. Det blei etter kvart eit fysisk uttrykk for ein viss konservativisme. Ikkje ville han skrive små forbokstavar i substantiv, heller, og latinsk skrift meinte han var vanskelegare å lese for folk flest enn fraktur var. Berre i sitat frå ein del andre språk, som latin og gamalnorsk, skreiv han latinsk.

Dei fleste breva var svar på brev som han fekk. Dei svarbreva brukte han lang tid på, så lang at det kunne kome både ei og fleire påminningar. Eigne gjeremål pressa på og å skrive brev var ikkje noko han likte, så han utsette meir enn gjerne brevskrivinga. Så lite likte han det at han meir enn ein gong like godt reiste dit brevet skulle og snakka direkte med dei han skulle ha i tale.

Aasen skreiv privatbrev til slekt og vene, medrekna fleire friarbrev, formelle brev til styresmakter og støttegivarar, drøftande og forklarande saksbrev om språklege emne. Kladde gjorde han alltid, gjerne flei-

---

<sup>22</sup> Reidar Djupedal: «Om Ivar Aasens brev», i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, II, Oslo 1958, s. 369–403.

re gonger, og av dei Aasen-breva som er kjende, er berre halvparten originalbrev. Resten er kladdar og utkast, som oftast skrivne på små lappar. Mange av dikta skreiv han på ark som målte 7 x 5 cm.

Der det finst både kladd og ferdig brev, er det lett å sjå kor mykje Aasen endra undervegs. Mest fila han på dei offentlege breva og dei han rekna som særleg viktige: Han dempa det absolutte og skreiv inn meir varsame formuleringar. Det var altså eit ganske så redigert uttrykk han sende frå seg. Dessutan: Mauritz Aarflot var redaktør i Postbudget på Eksset 1845–1868. Der trykte han av og til brev han fekk frå Ivar Aasen. Etter kvart visste Aasen at breva kunne bli trykte, og det kan ha gjort noko med skrivemåten hans.

Skrivemåten endra seg med åra. Reidar Djupedal såg eit klart skilje før og etter at reisene tok til. Han opplevde mykje og fortalte gjerne om slikt i breva. Somt av det ein elles vikle vente å finne i ei privat dagbok, er hos Aasen heller skriftfesta i utførlege brev. Difor er breva hans ei viktig kjelde til å forstå mennesket, diktaren og forskaren Aasen. Likevel er brevstilen meir tilbakehalden enn personleg. Utover i 1870-åra endra breva på ny karakter. Brevskrivaren var mindre energisk, og breva blei knappare. Særmerket hans er at han «aldri sende frå seg noko som ikkje var vel gjennomarbeidd, overlagt, ordna og utenkt», skriv Djupedal.<sup>23</sup>

Sjølv om han tok vare på kva det skulle vere av papir, finst det særslite frå planlegginga av reisene hans. Han kan ikkje ha reist på måfå, men korleis han ordna seg, er ganske ukjent.

I DEN INNKOMNE POSTEN til Ivar Aasen ligg minst 858 brev. Då Djupedal redigerte *Brev og Dagbøker* i 1950-åra, var om lag 560 brev kjende. 33 av dei tok han med i verket. Både før og seinare har enkeltbrev til Aasen vore publiserte. Nasjonalbiblioteket har publisert digitalt dei handskrivne breva som dei har i samlinga si.

Her var listemannen i sitt ess. Han førte sin eigen postjournal som Djupedal meiner er ganske komplett for tidsrommet 1829–1850, og det finst ei ganske fyldig liste over «Brev modtagne efter 1850» som går fram til og med 1882. Frå dei siste åra hans har ein del brev kome bort, til dømes brev frå Marius Hægstad, Mons Litleré og Nordahl Rolfsen. Det kan

---

<sup>23</sup> Reidar Djupedal, same staden, s. 380.

seiast så sikkert fordi Aasen skreiv svarbrev til dei eller arbeidde med slike.

I den nemnde lista 1850–1882 tok Aasen ikkje med «Toggerbreve og Skyldfolks Breve». Der er «ein heil haug» av tiggarbrev, skriv Djupedal, og i den haugen ligg spor som han nok såg, men som til no ikkje har vore kommenterte. Der er noko å skrive om annan innkommen post også.

Aasen var ingen organisator og ingen talar, men posisjonen hans gjorde at andre tok han med. Han kunne gi legitimitet, tyngd, prestisje. Då filologane i Norden for første gong sette kvarandre stemne i København 18.–21. juli 1876, blei han invitert.<sup>24</sup> Han hadde ikkje kryssa landagensa før og gjorde det heller ikkje då.

Derimot blei han med i fire minnepolitiske tiltak. Han var med på oppropet for ei minnestøtte på grava til A.O. Vinje på Gran som blei avduka sommaren 1873. Han blei invitert til å gi pengar til eit monument over bonden Per Bø frå Gausdal, som han hadde mykje kontakt med. Det ser ikkje ut til at han gav noko men han blei invitert til reisingsfest hausten 1880.<sup>25</sup> Likeins var han med i komiteen for det monumentet over Henrik Wergeland som blei avduka i Christiania 17. mai 1881, og som han støtta med 50 kroner.<sup>26</sup> Då var han alt mint på eit møte i den førebudande komiteen for eit Eidsvoldsmonument til minne om grunnlovsforsamlinga på Eidsvold.<sup>27</sup> Initiativet kom frå mellom andre stortingspresident Johan Sverdrup og statsminister Christian Selmer. Monumentet skulle reisast utanfor Stortinget, men det som blei ei 30 meter høg søyle forma av Wilhelm Rasmussen, var først ferdig i 1934 og blei reist for private midlar ein heilt annan stad i ei heilt anna tid, i Bøverdalen i 1992.

EI PRIVAT FATTIGKASSE, det var det han var. Byen voks fort, og blant innbyggjarane var det ein god del som livnærte seg som tiggarar. I 1868 fekk nesten kvar femte innbyggjar i Kristiania fattigstøtte.<sup>28</sup> Tiggarane fanga raskt opp at ein eldre mann var på regelmessig vandring gjennom byen, og han fekk ry på seg for å vere ein gåvmild mann som hadde vondt for

<sup>24</sup> Brevs. 174, uregistrerte brev, invitasjon 8.1.1876 til det første nordiske filologmøte i København 18.–21.7.1876.

<sup>25</sup> Brevs. 174, uregistrerte brev, invitasjon 13.9.1880.

<sup>26</sup> Brevs. 174, uregistrerte brev, kvittering for innbetaling 30.5.1881.

<sup>27</sup> Brevs. 174, uregistrerte brev, invitasjon 28.1.1881.

<sup>28</sup> Jan Eivind Myhre: *Norsk historie 1814–1905*, Oslo 2012, s. 121.

å seie nei. Tiggarane fann lett ut kvar dei skulle vere for at han skulle gå seg på dei.

Det forstod nok han også. Han hadde flytta til byen hausten 1847, og det ryktest raskt at innflyttaren var ein gavmild mann. Alt våren 1849 noterte Aasen: "Travlt og slet Humør paa Grund af mange Besøg og Tiggerie efter Penge".<sup>29</sup> Førti år seinare var det berre blitt verre. Denne daglege plaga av påtrengjande tiggarar, klaga han i 1889.<sup>30</sup> Likevel gjorde han lite for å unngå dei.

Eg er i skatteklassen ein, for eg har ingen å forsørgje. Det kan nok hende at det er eg som har den største familien, sa mannen med dei mange tiggarane han livberga.<sup>31</sup>

Dei kom på døra, både barndomsvenner og andre, eller dei sende tiggarbrev. Kunne han hjelpe eit søskenbarn med å kjøpe ein fiolin?<sup>32</sup> Ein bortkommen student med pengar? 25 kroner? Breva vitnar om at mange visste han sat godt i det, men også om eit samfunn utan sosial tryggleik. Dei færreste var trygge. I 1893 hamna den bestseljande forfattaren Jon Flatabø i eit økonomisk uføre. Om Aasen kunne hjelpe han med fem kroner til *Husleigo*.<sup>33</sup> No røynde det på med dagbokskrivinga, og det er difor ukjent kva Aasen gjorde.

Her fortel dei trykte dagbøkene mindre enn dei skrivne. Tiggarane hadde sine oppnamn, og då Reidar Djupedal publiserte dagbøkene i 1960, tok han ut ein del passasjar der desse figurerte då dei ikkje kunne identifiserast.<sup>34</sup> I Nasjonalbiblioteket ligg om lag 125 såkalla tiggarbrev, ordna av Elise Kleivane.<sup>35</sup> Ein nærstudie av manuskripta til dagbøkene må til for å sjå samanhengane, men noko kan seiast berre ut frå den registrerte informasjonen.

Der var så mange som trong hjelp. Dei som ikkje fekk arbeid, eller ikkje kunne arbeide, og som ut frå eigen moral ikkje ville livberge seg med brotsverk, kunne berre vone på vener, fattigkasse og milde givarar. Breva er eit brutal uttrykk for den sosiale røynda. Mest handla det om

<sup>29</sup> Ivar Aasen i dagboka 10.3.1849.

<sup>30</sup> Ivar Aasen i brev til Maurits R. Aarflot 3.5.1889.

<sup>31</sup> h [Peter Rosenkrantz Johnsen]: «Ivar Aasen i hans Hjem», *Dagbladet* 5.8.1893.

<sup>32</sup> Gurine Jonsdotter Egseth i brev til Ivar Aasen 9.5.1888, Nasjonalbiblioteket.

<sup>33</sup> Jon Flatabø i brev til Ivar Aasen 24.8.1893, Nasjonalbiblioteket.

<sup>34</sup> Reidar Djupedal: «Om Ivar Aasens dagbøker», i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, band III, Oslo 1960, s. 481.

<sup>35</sup> Brevs. 174 Tiggarbrev, sjå side 289 ff.

pengar til mat, klede, kol, ved, husleige, sjuke barn eller lån son kunne betalast tilbake med vask, snikring, vøling av sko. Mangt var nok lån som i røynda ville vere gåver.

Dei som kom på døra, dei han møtte i gatene, dei som skreiv brev, saman gav dei Ivar Aasen ei innsikt i menneskeliv som gjorde inntrykk langt ut over den jamne klaginga over at dei forstyrra han. Han kunne ikkje hjelpe alle, men mange fekk hjelp. Dei som oppsøkte han, fekk sjølv efare at her budde ein ganske velståande mann som levde enkelt, nesten tarveleg i kalde rom.

Alle nådde ikkje fram. Ein av naboane til Aasen i Holbergs gate 23 var fjellklatraren Therese Bertheau. Om henne har Olav Midttun fortalt:<sup>36</sup>

«Han var elles mykje plaga av tiggarar, både grove og fine; han hadde lite mannskap til å seie nei eller til å jaga dei frå seg. Han tykte synd i folk, så han gav dei gjerne litt pengar. Dei vart då berre verre og verre, og fleire kom til. Den kjende engelsklærerinna ved Nissens piggeskole, Therese Bertheau, budde i same høgda. Ho fortalte ofte at ho mang ein gong hadde skyssa tiggarar og fark og farre av garde, når det stod nokon i porten eller utanfor og venta på Aasen, anten han skulle gå ut eller kom heim. Han hadde som Ibsen sine visse klokketimar. Ho hadde jamvel ein gong mått inn til Aasen og lingsa ut ein som var for pågåande og høgmælt. Ho var både handfast og uforfærd, ein av våre fremste fjellklivarar og den fyrste kvinna som var på Store Skagastøls-tind. Elles og kunde ho vera hjelksam mot Aasen. Endå så strid ho tyktes vera på skulen, hadde ho eit varmt hjarte, og Aasen, den gamle sveinkallen, skjøna på henne og var mykje takksam for all hjelp han kunne få.»

Enkjer, arbeidslause, sjuke, dei mangla pengar, men dei kunne skrive, langt frå feilfritt, men dei fekk fram ærendet sitt. Å kunne skrive var blitt ein del av det å kunne overleve. Dei kunne sine bedande formlar og sine faste vendingar av respekt. Så fekk det våge seg om nokon titulerte han som *Kjere Asen* eller *I. Osen*; det er meir påfallande kor mange som skreiv namnet hans rett. Nokre kallar han diktar, andre professor, ein vender seg jamvel til «Dikteren og Spraagforskeren Hr Ivar Aasen». I eit udatert brev skreiv Oline Toresen: «Hr. Forfatter Aasen Jeg maa tage mig denn store Frihed... har hørt om Dems godhed ...». Ein ukjend av-

---

<sup>36</sup> Olav Midttun: «Ivar Aasens bolig», *Aftenposten* 20.12.1956.

sendar skreiv etter beste evne: «Her Digteren Aasen Ver saa snil at unskyl jei jei Beder Dem i min ....».

Hadde dei ikkje spurt før, framheva dei gjerne det. Var dei gamle kjenningar, prøvde dei å love at dei ikkje skulle kome att. Det gjorde dei; ein kaptein Hans Lund Schjølberg frå Ålesund var i kontakt med Ivar Aasen i fleire tiår.

Aasen budde mange stader i Christiania, lengst i Teatergaten 6, og det er kjent frå før at han kvidde seg for å flytte av di han visste at utleigaren trøng pengane. I april 1860 tok Amalie Nissen over som vertinne for Aasen.<sup>37</sup> Korrespondansen avdekkjer korleis det stod til. Gong på gong måtte vertinna be leidgetakaren om pengar. Mellom 1860 og 1864 skreiv ho 22 brev om pengar. Det første kom bere ein månad etter at ho var blitt vertinna hans. Den 27. august 1860 noterte han: «Paategnet en Vexel paa femti Daler for Md. Nissen.»<sup>38</sup> Nokon korrespondanse om dette er ikkje bevart, men alt ein månad etter må Nissen be om eit forsøk på husleiga. Aasen nemnde Amalie Nissen siste gongen i dagboka 24. mai 1864. Då hadde han betalt henne 1 spesidalar. Seinare same året bad F. og M. Nissen han kome i jordferda hennar.

Klasseskiljet var enormt, og det var brutalt. Historikaren Nils Rune Langeland meiner at Noreg midt på 1800-talet hadde den strengaste strafferetten i Europa.<sup>39</sup> Denne delen av kvardagen i byen kjende Ivar Aasen på fleire måtar enn det som hende ein vinterdag i 1861. "Overfalden paa Gaden», skreiv han i dagboka.<sup>40</sup>

Fredag 9. januar 1863 stilte han på rådhuset. Han var kalla inn som meddomar i lagretten. Dagen gjekk med til forhøyr av "Md. Anker med Søn, og Gjenten Karine Petersdatter, hvis Kjæreste, Skomager Søren Hansen, var mistænkt for Lommetyverie i Kirken paa Mandag".<sup>41</sup> Åtte dagar etter var Aasen på ny i lagretten. Denne gongen gjaldt det "Tyvsag for en Frakke, tillagt Karl Grønholdt; Vidner og han selv afhørt".<sup>42</sup>

---

<sup>37</sup> Ivar Aasen i dagboka 17.4.1860, *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, s. 227.

<sup>38</sup> Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, s. 228.

<sup>39</sup> Nils Rune Langeland: *Siste ord. Høgsterett i norsk historie 1814–1965. Bind I, 1814–1905*, Oslo 2005, s. 172.

<sup>40</sup> Ivar Aasen i dagboka 7.2.1861. På sine eldre dagar melde han ein tiggjar til politiet, jf. dagboka 14. og 21.3.1888.

<sup>41</sup> Ivar Aasen i dagboka 9.1.1863.

<sup>42</sup> Ivar Aasen i dagboka 17.1.1863.

Aasen heldt fram i retten i to år til.<sup>43</sup> Mellom breva til han ligg i alt ni innkallingar som lagrettemann frå 9. januar 1863 til 21. november 1873. Han var der endå fleire gonger. I dagboka noterte han 18 innkallingar, den siste for rettsmøte 11. juli 1874.<sup>44</sup>

Dette samfunnsansvaret utførte han altså i 11 år. Ivar Aasen blei forvaltar av ei privat fattigkasse og ein meddomar i samfunnet. Han hadde det ikkje med å kaste papir. Han kasta ikkje desse breva heller, men tok vare på dei saman med språkprøver og annan fagleg korrespondanse. Det ligg respekt i det også. Eg trur det også gjorde noko med argumentasjonen til Ivar Aasen i den forstand at det forsterka ei grunnhaldning hos han om vilkåra for allmugen. Han såg kor rettslause mage var i sine iv, og nettopp allmugens rettar var noko av det Ivar Aasen oftast viste til.

I dagboka førte han som vanleg nøye rekneskap. Berre i 1880-åra gjekk det med nesten tusen kroner året i *Extra-Utlæg* til tiggarar. Reidar Djupedal summerte det til om lag 8000 kroner.<sup>45</sup> Det utgjorde godt over to årsløner for Aasen. For kvar femte krone han tente, gav han bort ei. På ti år blei det godt over 650 000 kroner, rekna i 2018-kroner. Han hadde råd til det også.

Den han hjelpte mest, var truleg sambygdingen Anders Hovden. Han kom til hovudstaden for å studere teologi, og Aasen var lånekassen hans. I åra 1879–1889 lånte eller gav Aasen i alt 1172 kroner til Hovden.<sup>46</sup> Det utgjorde vel 84 000 kroner i 2018-verdi.

På jordferdsdagen merka avisene seg at mange tiggarar følgde Ivar Aasen til grava. Dei visste kva han hadde gjort for dei i nær femti år i byen med det store, kalde hjartet.

---

<sup>43</sup> Jf. dagboka 2.7.1864, 9.1.1865 og 28.9.1865.

<sup>44</sup> Innførslar i dagboka 9.1.1863, 17.1.1863, 2.7.1864, 9.1.1865, 28.9.1865 (sjuk), 18.5.1866 (ingen saker), 8.1.1867, 29.7.1867 (ingen saker), 4.3.1868, 25.9.1868, 13.4.1869, 11.1.1870, 29.4.1871 (ingen saker), 11.1.1872 (ingen saker), 10.9.1872 (ingen saker), 13.5.1873, 22.11.1873, 11.7.1874 (fritak).

<sup>45</sup> Reidar Djupedal: «Om Ivar Aasens dagbøker», i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, III, Oslo 1960, s. 483.

<sup>46</sup> Første innførsel i dagboka 15.6.1879, siste 1.4.1889. Summane fordeler seg med 130 (1879), 187 (1880), 290 (1881), 90 (1882), 80 (1883), 85 (1884) 180 (1885), 80 (1886), 20 (1887) og 30 (1889). Dette inkluderte betaling av husleige, pengar til heimreise og, truleg, reise til Stockholm i 1889.

OGSÅ HANDSKRIFTER KAN TEIE. Der er ei kjærleikshistorie om ei bok, ein karaffel, som så vidt kan haldast fast i ei innskrift. Den første store forelskinga må han ha møtt då han var vel 20 år gamal.

I 1833 hadde Ivar Aasen reist frå Ørsta for å gå i lære hos prost H.C. Thoresen ute i Herøy. Der var tre år eldre Berte Paulsdotter Vike tenestejente.<sup>47</sup> Så seier soga at dei to var kjærastar eit års tid, kva ein no la i det ordet. Dette skal prosten ha funne så upassande at han fekk skilt dei. Ivar Aasen reiste vidare til kaptein Ludvig J. Daae på Solnør hausten 1835. Ein gong kom Berte etter, men då rømde Ivar til skogs. Berte gifta seg med Paul Paulson Leikongbakken i 1844, og hausten 1851 sende Ivar Aasen pengar via han til henne for å gjere opp eit lån frå tida hos Thoresen.<sup>48</sup>

Med ymse broderingar er historia om lag slik om den unge Ivars kjærleiksliding. Dei variantane som har vore fortalte, har det til felles at dei manglar det handfaste. No finst det minst to handfaste minne som blir knytte til Berte og Ivar. Det gjer ikkje forteljinga sikker, men den blir vanskelegare å avvise heilt.

Det eine minnet er ein karaffel. Sommaren 2010 kom ein glaskaraffel utan kork til Ivar Aasen-tunet. Innskrifta er på svensk, med ein skri-vefeil: "Välkomna hit mina vänner". Språket tyder på at den er blitt kjøpt hos ein omreisande seljar. Karaffelen har vore i eiga til éin familie på Sunnmøre i om lag 100 år. Det er fast tradisjon i denne familien at karaffelen var ei trulovingsgåve frå Ivar til Berte. Dei var trulova, men ikkje ringforlova.<sup>49</sup> No kan denne trulovingsgåva endeleg visast offentleg.

Det eine minnet er ei bok. Ei av bøkene i Ivar Aasen-tunet er klassikaren *Om Christi Efterfølgelse* av Thomas a Kempis, utgitt i 1832. Dette var ei av dei mest lesne oppbyggingsbøkene ute i Europa, men ikkje på Sunnmøre.<sup>50</sup> Ei innskrift lyder "Denne Bog tilhører mig Iver Andreas Aasen". Ei anna innskrift i same boka viser at ein Hj. Myhre kjøpte den i 1909 av ein som i si tid hadde kjøpt den på auksjon etter onkelen sin,

---

<sup>47</sup> Framstillinga byggjer på Kjell Venås, same staden, s. 581 ff.

<sup>48</sup> Jf. Ivar Aasen i brev til Pål Pålson Leikongbakken 20.9.1851.

<sup>49</sup> Karaffelen blei overlevert til Ivar Aasen-tunet av Gullborg Jordan Breivik, Ørsta onsdag 16.6.2010. I samtal 17.6.2011 fortalte ho det ho visste om denne saka, og kva mor hennar hadde fortalt og vore overtydd om.

<sup>50</sup> Jostein Fet: *Lesande bønder*, Oslo 1995, s. 186. Nesten 50 år seinare vurderte Aasen ei omsettjing av boka, jf. dagboka 8.10., 11.10. og 21.10.1880.

Paul Paulson Leikongbakken. Årstalet stemmer godt – Berte døydde i 1890, Paul i 1906.<sup>51</sup> Det står også at ”kona hans var i si tid trulova med Ivar Aasen, og venteleg hev denne boki vore ei gaava fraa han Ivar til henne».

Ja, kanskje. Aasen førte den opp på ei liste over bøkene sine i 1835, og han kan ha gitt henne boka før han reiste frå Herøy i november det året.

Så seier soga at etter tida hos prosten blei Berte tenestejente hos Bakke-Pål, som han blei kalla. Ved eitt høve skal Ivar ha kome ut til Leikongsbakken for å hente den trulova Berte med seg, og ho skal ha vore klar til å dra ned til kaia med reisekista si og ta båten i lag med han inn til Ørsta. Då skal Paul ha sagt: ”Vil du vere, kan du det.” Ho blei. Dei gifta seg, men fekk ingen born, og truleg hamna karaffelen på nabogarden då dødsbuet skulle fordelast. I alle dei år tok familien forsvarleg vare på karaffelen, som var litt heilag for dei, fram til sommaren 2010.

Kan noko av dette stemme? Ja, kanskje.

Til no har historia vore utan heimfesting og namngitt kjelde. Med karaffelen følgjer også sporet attende til ei kjelde, og den kjelda var nabo med Paul og Berte.<sup>52</sup> Det opphevar ikkje uvissa, men det gjer det nødvendig å ta historia på alvor. Dei som har fortalt historia, har i utgangspunktet visst meir om henne enn det som til no har vore kjent. Den dag i dag er det med i forteljinga at Berte truleg ikkje kunne skrive og at ho hadde mørkt hår.

Både den munnlege tradisjonen og dei skriftlege biografane går god for at Thoresen greip inn overfor Ivar og Berte. Kva som skjedde, har derimot vore uklart. Ingen har peikt på at Thoresen kan ha skilt dei to ved å sende Berte frå seg og at det var slik ho kom i teneste hos Bakke-Pål. Det kan vere då ho fekk boka av han.

Når han kom med karaffelen til henne, er endå meir uvisst. Frårekna ei reise til Bergen i 1841 var Ivar Aasen i åra 1836–42 stort sett på Sol-

<sup>51</sup> Dei to gifta seg 23.6.1844, jf. Reidar Djupedal i Ivar Aasen: *Brev og Dagbøker*, band II, Oslo 1958, s. 404. Den dagen var Ivar Aasen i Strandebarne i Hardanger.

<sup>52</sup> Kjelda er Gunhild Veien (1918–2010), mor til Gullborg. Gunhild voks opp på nabogarden til Pål saman med bestemora Gurine og oldemora Pålina. Mest truleg er det desse to som har fortalt Gunhild historia om Ivar og Berte, og Gunhild fortalte den vidare til Gullborg. Delar av historia er med i Bjarne Rabben: *Herøysoga. Gardar og folk*, Herøy 1963, s. 500, men han nemner verken boka eller karaffelen. Gunhild Veien kan ha vore kjelda for Rabben. Sikkert er det iallfall at ho kjende historia frå eigen familie lenge før Rabben sette den på prent.

nør, ikkje i Ørsta. Tre dagar før han la ut på den store språkreisa si, var han ein tur ut til Herøy frå Ørsta og hente nokre bøker. Det gir lita meiningsat det var då ho skulle til Ørsta, for han var då på veg bort frå Ørsta. På Solnør fylte han dagboka med blomar, bøker og ver, men knapt ei linje om seg sjølv. Berre ved to høve, i januar 1840 og februar 1842, klaga han seg veldig. Den 28. februar 1842 skreiv han: "Den sidste Uge meget tungsindig og aandssvag". Hadde noko skjedd? Hadde han vore ein tur til Herøy? Var det då ho valde å bli der ute?

Der teier soga, men der er ei bok og ein karaffel. Om dei er det meir å skrive.

Den boka Hj. Myhre kjøpte 30. april 1909, gav enkja hans, Lovise Myhre, til Aasen-tunet via lektor Elling Nordberg ved Volda lærarskule med følgjebrev 19. juli 1966. I den boka har Ivar Aasen skrive inn denne andre strofa av salmen «Hvor tryg en Vej Est du» av Thomas Kingo:

O, Jesu! Bliv min Vandrings Rette-  
Snor, Din Naade giv, At jeg i  
dette Liv, Mister ej dit Fode-Spor,  
Tag Jesu! Mig ved din Haand, Lad  
din Aand, Oplyse mine Trin, Du  
Naadens Sole-Skin, Jeg i dine Fjed  
kan gaae, At jeg under Korset maae,  
Evigt Liv og Ære faae. Amen aae

I.A.

Teksten følgjer ikkje nøyaktig salmen slik den står i *Den forordnede Nye Kirke-Psalme-Bog* frå 1798, men heller ikkje der følgje linjedelinga i trykket rima i verselinjene. Handskrifta er umiskjenneleg Aasen si, men han blei meir nøyaktig i omgangen med kjelder seinare.

HISTORIA OM BERTES KARAFFEL har sine munnlege kjelder.<sup>53</sup> Mor til Gullborg heitte Gunhild Veien (1918–2010). Gunhild vokser opp på nabogarden til Paul Paulson Leikongbakken saman med bestemora Gurine (1822–1918) og oldemora Pålina. Der budde Gunhild heile livet. Bestefa-

---

<sup>53</sup> Samtalar med Gullborg Jordan Breivik, Ørsta, 17.6.2011 og 22.6.2011. Notatet frå samtalet er sist oppdatert 7.7.2011.

ren hadde emigrert til USA, skulle kome attende og ta med seg resten av familien, men det gjorde han aldri.

Paul Paulson Leikongbakken (1814–1906) var bror til Pålina, oldemora til Gunhild. Berte Paulsdotter Vike gifta seg med Paul i 1844. Dei fekk ingen born, og begge døydde før Gunhild blei fødd. Den historia Gunhild fortalte, kan ho ha fått frå bestemor og oldemor si. Denne historia er slik:

Etter kvart blei Berte tenestejente hos Pål. Ivar skal på eitt eller anna tidspunkt ha fridd til Berte og gitt henne ein karaffel i trulovingsgåve. Dei var trulova, men ikkje ringforlova. Ein dag kom Ivar ut til Leikongsbakken for å hente henne med seg. Ho var reiseklar då han kom. Ei kiste var pakka og skulle fraktast ned til båten, ei såkalla krustyjakt som skulle ta Berte og Ivar og kista inn til Ørsta.

Berte skulle til å ta farvel med Pål, som då sa: "Vil du vere, kan du det". Berte blei, og ho braut trulovinga med Ivar.

Gunhild tok svært godt vare på karaffelen, som ho hadde i huset sitt på Leikong livet ut. Ho var overtydd om at dette var ei trulovingsgåve frå Ivar til Berte, men var fortvila over at korken var komen bort, og ville helst få laga ein kork i sølv. Gullborg fortel at karaffelen var "litt heilag", den var godt gøymd, og det var berre no og då ungane fekk sjå den. Ho tenkte på å gi karaffelen til Ivar Aasen-tunet ved opninga i 2000, men dette blei det ikkje noko av. Då Gunhild døydde i april 2010, tok Gullborg initiativ til å gi karaffelen til Ivar Aasen-tunet.

Berte og Paul hadde ingen born. Då er det rimeleg at noko av arven etter dei blei fordelte på andre, som Gurine Veien. Slik kan ein karaffel frå dødsbuet etter Paul og Berte ha kome inn i Veien-slekta.

Det brevet som Ivar Aasen skreiv til Pål Leikongsbakken i 1851, hamna hos Gustav Flø, seier Gullborg Jondan Breivik. NBO har kopi i handskriftsamlinga. Reidar Djupedal skriv i sine merknader til brevet i 1957 at det då skulle vere på Ekset.<sup>54</sup> Originalbrevet skal ha kome for ein dag ved skiftesamlinga etter at Leikongsbakken døydde i 1906.

Djupedal siterer frå ein avisartikkel av Herman Thoresen: "Ho var slaven hans so lenge ho livde".<sup>55</sup> Forteljinga av Thoresen ber preg av at den er meir utmåla enn ei noktern munnleg beretning om dette ville

<sup>54</sup> Han viser til *Syn og Segn* 1943, s. 106 f.

<sup>55</sup> Herman Thoresen: «Ivar Aasen sin ungdomskjærleik», *Glommen* 10. og 12.6.1922, og *Gula Tidend* 23.6.1922.

vere. Samstundes er der detaljar som tilseier autentisk kunnskap. Thoresen er i allfall ikkje i tvil: Prost Thoresen blei sint då han høyrd at dei to hadde trulova seg, og han nemner at Berte og Pål var barnlause.

DET SOM ER SKRIVE OVANFOR er ikkje snorrett etter boka og skriftlege kjelder. I tillegg til vurderingane i foredraget kjem moment som desse:

Episoden om at Berte var klar til å flytte og det Paul sa då, har Bjarne Rabben med i Herøysoga.<sup>56</sup> Der står det ikkje at ho var på veg til Ørsta, som verkar lite sannsynleg. Rabben skriv også at Berte venta på at Ivar skulle fri, men at han aldri gjorde det. Etter det eg kjenner til, er derimot historia om karaffelen ikkje dokumentert tidlegare. Aktuelle munnlege kjelder, som Gunhild Veien, har ikkje vore brukte av Aasenbiografane. Stephen J. Walton viser til det han kallar sunnmørstradisjonen om forholdet mellom Berte og Ivar, men då til det som har vore skriftfesta av denne.

Det som talar for ei kjerne av sanning, er at historia kjem frå eit lite og tett miljø på dei to nabogardane. Det kjem til uttrykk ein respekt for at dette gjaldt Ivar Aasen, ikkje i form av ei beundring som gjer at det er om å gjere å ha dette på han, men først og fremst som eit uttrykk for at denne historia er difor så viktig at den må forteljast rett vidare. Her kan det hende at noko av historia står seg på skriftlege kjelder som har kome til undervegs, slik at den munnlege tradisjonen som eksisterte i familien, blei påverka av det som blei skrive av andre.

Det som talar mot, er først og fremst at det finst ingen skriftlege spor etter hendinga. Gullborg meiner å ha høyrt at Berte ikkje kunne skrive, men det kunne Ivar. Viss han reiste til Leikong med gåva, må det ha vore mellom 1835 og 1844 – etter at han reiste frå Herøy og før dei to gifta seg. Dagboka gir ingen hint om tur til Leikong. Det er ikkje opplagt at han ville skrive om det heller. Det kan også verke underleg at ein karaffel med svensk inskrift skulle vere ei trulovingsgåve eller ei gåve frå Ivar Aasen, men det som måtte finnast av tradisjon for slike gåver, kan vere med og avklare kor sannsynleg dette er.

I brevet til Pål frå 1851 skreiv Aasen at det aldri hadde bydd seg noko høve til «Sammenkomst eller Samtale» i tida før han la ut på reisa si hausten 1841. Den formuleringa kan vise til at det ikkje har vore noko

---

<sup>56</sup> Bjarne Rabben: *Herøysoga. Gardar og folk III*, Herøy 1963, s. 500.

slikt høve sidan sist dei hadde kontakt, men utsegna kan også dekkje heile tidsrommet frå 1835.

Der er også ein hårlokk. Gjenstand IAAM 32 i Ivar Aasen-tunet er ei metalløskje som mellom anna innehold ein hårlokk. Kven sommein gong bar det håret, er uvisst. Ei av forklaringane har vore at det er ein hårlokk frå Berte Pålssdotter Vike. Ho skal ha vore mørk, fortel Gullborg Jordan Breivik. Håret i metalløskje er lyst. Det kan ha lysna. Den munnlege tradisjonen om at dette var Bertes hår, forsterkar inntrykket av at det var noko mellom dei to. På den andre sida kan det ha kome frå ein heilt annan stad. Det som er sikkert, er at dette har vore viktig for Ivar Aasen, og det er ikkje nemnt i dagbøkene.

Jens Kåre Engeset intervjuja Gunhild Veien 25. september 1986. Tidfestinga er sikker fordi han skreiv ei datert helsing i ei bok til henne då intervjuet var slutta. Engeset hugsar ikkje sjølv kva han gjorde med det intervjuet. Det han skreiv, kom helst på prent i Møre-Nytt og i årsskriftet frå Hovdebygda soge- og velferdsdag. Møre-Nytt hausten 1986 har verken noko intervju eller nokon artikkel som kan knytast til samtalen med Veien. Heller ikkje årsskriftet har publisert noko slikt. Engeset skreiv ein artikkel om Ivar Aasens yngre år på Sunnmøre i 1987-utgåva, men der nemner han heilt summarisk livet hos prost Thoresen.

Noko meir tok han med i ein utvida versjon av artikkelen i Sunnmørsposten 3. august 1996. Der siterte han mellom anna det Anders Hovden skreiv om Ivar og Berte i *Ivar Aasen i kvardagslaget*, men Engeset brukte heller ikkje då noko frå intervjuet med Veien. Slike spor har heller ikkje vore moglege å finne i andre skrifter av Jens Kåre Engeset, heller ikkje i det som finst av arkivalia etter Ivar Aasen-museet i Ivar Aasen-tunet. Det som kunne ha blitt fortald hausten 1986, blei dermed først offentleg kjent 25 år seinare.

Men bakom syng uvissa.



# Manuskript i Nasjonalbiblioteket



Ivar Aasens pennesplittar. Foto: Ragnar H. Albertsen, Nynorsk kuotursentrum / Ivar Aasentunet.

Ivar Aasen-arkivet er primært samla i **Ms. 4° 915**. Om dette skriv Nasjonalbiblioteket: «Katalogteksten her er basert på tidligere kataloger utarbeidet av Moltke Moe og Reidar Djupedal. Moltke Moes opprinnelige katalog var skrevet på riksmål, derfor er teksten ikke på nynorsk. Referanse til kapselnummer bortfaller ved omemballering i 2012. Se også papirkatalogene på Spesiallesesalen.»

I **Ms. 4° 915:23** er samla manuskript etter Ivar Aasen som blei overførte frå Norsk Folkeminnesamling 29.2.1996. Om denne delen av samlinga skriv Nasjonalbiblioteket: «Ordningen fra Folkeminnesamlingen er beholdt. Derfor starter nummereringen på 7. Nummer 1-6 er fremdeles i Norsk Folkeminnesamling. Tidligere emballert som Tillegg C. Katalog på papir på Spesiallesesalen. Her er det brukt sidetall istedenfor tall i beskrivelsen av materialet.»

Så godt som alle manuskript etter Ivar Aasen i Nasjonalbiblioteket er digitaliserte og kan lesast i *Hanske* på *Nb.bo*.

## **Ms. 4° 602**

Oversettelse til landsmål av evangelieteksten Luk. 15, 11 f. «Den burtkomne sonen». 3 s.

## **Ms. 4° 750 I Marknaden (1854)**

«I Marknaden. Efterspill i 1 akt.» (I anledning av Stortingets sammentreden). Oppført på Kristiania norske theater 6.2., 8.2., 11.2.1854. «Souffleurbog» samt 4 rollehefter, datert 27.1.1854. 5 b. Avskrift.

## **Ms. 4° 902 Omsetjingar og dikt (1833)**

Oversettelser og dikt. 2 hefter (12 + 9 bl.) med oversettelser fra tysk (etter O. Wolffs lesebok) og latin (Cornelius Nepos) + 5 løse bl. dikt mss. i et omslag med tittel «Adskilligt 1833», 6 dikt i alt, alle på bokmål [dansk].

## **Ms. 4° 915 Ivar Aasen: Arkiv**

### **1 Prøver af Landsmaalet i Norge (1853)**

I Moltke Moes katalog også oppført noen utkast og oversikter etc. til «Mindestykker». Disse gjenfinnes ikke i arkivet ved omemballering 2012.

1:1 Fullstendig manuskript. «Fortale», 7 paginerte s. (1-7) + tittelside ([8]) + 130 paginerte s. + 2 s., den ene ubeskrevet.

1:2 Korrekturtrykk med egenhendige rettelser. 8 + 120 s.

### **2 Det Norske Folkesprogs Grammatik (1848) og Norsk Grammatik (1864)**

#### 2:1 Utkast til fortalen og korrekturtrykk

I Moltke Moes katalog også oppført «Om Behandlingen af det norske Almuesprog (Januar 1845)». Denne gjenfinnes ikke i arkivet ved omemballering 2012.

2:1:a Forskjellige utkast til fortalen. 5 hefter + 28 bl. (enkle og doble).

2:1:b Korrekturtrykk med egenhendige rettelser til Norsk Grammatik (1864).

388 s. Her også noen sider korrektur/feiltrykk av Det norske Folkesprogs Grammatik (1848) og Norsk Bog-Fortegnelse 1814-1847 (ikke digitalisert).

#### 2:2 Ymse forarbeid til grammatikken

2:2:a Forarbeider til grammatikken. I Moltke Moes katalog også oppført «Flexions-Tabeller i Bergens og Kristiansands Stifter» og «Passiv i Gl.norsk» (o.fl. opptegnelser i samme legg). Dette gjenfinnes ikke i arkivet ved omemballering 2012.

2:2:a:1 «Dialektlære for Bergens Stift.» Her også andre dialektopptegnelser fra Bergens og Kristiansands stift. 8 bl. (enkle og doble).

2:2:a:2 «Udkast til en Dialektlære ... i Bergens, Kristiansands og Agershuus Stifter. September 1845.» 1 hefte.

2:2:a:3 «Samlinger af eenstydige Ord og Ordformer i de norske Sprogarter (Mai 1846). Tillæg 1848.» 1 hefte.

2:2:a:4 «Undersøgelse af Reglerne for Omlyden i det norske Almuesprog». 1 hefte.

2:2:a:5 «Udkast til det norske Almuesprogs Grammatik». Fullstendig manuskript til Det norske Folkesprogs Grammatik (1848). 6 hefter. Inneholder språklige avvik fra den trykte utg.

2:2:a:6 Ljodlag. Exempelsamling til Vokallæren.» 1859. 6 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:7 Samtlige Germaniske Verber med stærk Bøining efter Grimm's ...» 1 hefte.

2:2:a:8 «Forlyde og Efterlyde». 1 hefte.

2:2:a:9 «Jævnførelse af nordiske Ord med latinske og græske. 1846?» 1 hefte.

2:2:a:10 «Omlyd i Præsens af Verber efter Breve fra Omegnen af Folden i fjortende og femtende Aarhundrede ...» 1 dobbeltbl.

2:2:a:11 «Stærke Verber i Norsk. 1861.» Her også annet materiale om sterke verb. 9 dobbeltbl.

2:2:a:12 «Stærke Verber i de nordiske Maal. Ordnete efter Udlyden.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:13 «Exempler paa Ligidannelse og Overgang i Endevokalen. 1859.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:14 «Femininer med a og o. Svag Flexion.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:15 Tillæg til Exemplerne paa Bogstavskrifter i Norsk. (1858).» 1 dobbeltbl.

2:2:a:16 «Substantiver og Adj. med gamle Former.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:17 «Iislandske Verber med Vokalforandring, hvilke deels ikke forekomme i vore Dialekter ...» 1 dobbeltbl.

2:2:a:18 «Exempelsamling til Reglerne for Skrivemaaden.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:19 «Jævnførelse med ord af det danske Almuesprog. (Molb. Dial.)» 1 dobbeltbl.

2:2:a:20 «Afvigende Ordformer i dialekterne.» 1 hefte.

2:2:a:21 «Samling af Ordslægter til Exemplerne paa Vokalernes Overgange.» 1 hefte.

2:2:a:22 «Ord-Emning». 8 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:23 «Overgangsformer». 1 hefte.

2:2:a:24 «Ljodskifte». 4 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:25 «Gjerda-Bøygning (Verba)». 9 bl. (enkle og doble) i omslag.

2:2:a:26 «Namne-Bøygning». 9 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:27 «Ordning af Substantiver efter Kjøn og Efterlyd (1859)». 1 hefte.

2:2:a:28 «Setningslæra». 8 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:29 «Bogstav-Forandring». 1 hefte.

2:2:a:30 «Tabeller over eenstydende Ord til Brug ved Sprogundersøgelser. 1843.» 1 hefte.

2:2:a:31 «Ljodlag.» 5 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:32 «Ljodskifte (Overgangsformer)». 4 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:33 «Ord-emning». 10 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:34 «Gjerda-Bøygning». 9 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:35 «Namne-Bøygning.» 8 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:36 «Likning med Skyldmaali». 9 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:37 «Setningslæra». 9 dobbeltbl. i omslag.

2:2:a:38 «Pron. hverr brugt som Relativ», m.m. 4 dobbeltbl.

2:2:a:39 «Sdm. Gramm.» 10 dobbeltbl. + 2 dobbeltbl.

2:2:a:40 «Omlydsforhold i Verbernes Præsens, i Brever fra Oslo, Follo, Borgarsysla og Raumarike. Til 1500.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:41 «Præsens af 'hava' i femtende Aarhundrede efter Dipl.» 1 dobbeltbl. + 1 enkeltbl.

2:2:a:42 «Infinitivsformer fra Østlandet. Kong Håkons Rettarbot (1293) i Afskrift fra 1325.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:43 «Norske Ord jævnførte med færøiske, efter Landts Beskrivelse af Færøerne». 1 dobbeltbl.

2:2:a:44 «Sammenligning imellem Norsk og Islandsk.» 1 dobbeltbl.

2:2:a:45 Notater og forarbeider til 1. og 2. utg. av grammatikken. 10 hefter + 452 bl. (enkle og doble) + 3 omslag. Heftene har følgende overskrifter:

«Materialier til en Orddannelseslære»;

«Forarbeider til Grammatiken for det norske Almuesprog»;

«Exemplar til en sundmørsk Grammatik»;

«Oplysninger om Orddannelsen i det norske Almuesprog»;

«Samling af Exemplar paa Omlyden i det norske Almuesprog»;

«Samling af Materialier til en Grammatik for det norske Almuesprog»;

«Samling af Materialier til en Grammatik for det norske Almuesprog. Anden Deel»;

«Tillæg til det norske Folkesprogs Grammatik. Optegnelser til en ny Udgave (Fra 1848)»;

«Register til 'Norsk Grammatik' 1863»;

«Nogle islandske Ord som forekomme i vore Dialekter ...»

2:2:b Forarbeider til grammatikken (forts.). I Moltke Moes katalog også oppført «En rekke løse konsepter til grammatikken, især til fortalen (heri en del brevkonsepter, bl.a. til L. Daae på Solnør)». Brevkonseptene gjenfinnes ikke i 2:2:b ved omemballering 2012. Jf. nr. 16 Brev. Utkast til 248 brev.

2:2:b:1 «Register over Lydforholdene i de norske Ord. 1850.» 1 bind.

2:2:b:2 Fortalen til Norsk Grammatik. En rekke løse konsepter. 15 dobbeltbl.

2:2:b:3 Fortalen til Norsk Grammatik (1864). 1 hefte.

2:2:b:4 «Materialier til grammatiske Undersøgelse af det norske Almuesprog.» 1 hefte + 1 løst bl.

### 3 Forarbeid, planar, korrektur m.m. for ordbok og grammatikk

#### 3:1 Forarbeid til ordboka

3:1:a Utkast og forarbeider til begge ordboksutgavenes fortaler. 1 hefte + 24 bl. (enkle og doble).

3:1:b Fortalen til ordboken. Uordnede notater. 39 bl. (enkle og doble).

3:1:c Planer for en norsk ordbok: «Plan for Indretningen af en norsk Ordbog»; «Om Indretningen af en Ordbog for det norske Almuesporg. 1844» (Trondhjemske Videnskabs selskabs plan); «Plan for Indretningen af en norsk Ordbog. Mai 45.» 3 hefter + 3 dobbeltbl.

3:1:d Forskjellige oversikter og notater over ordboksarbeidet. Fra 1844-73. 26 bl. (enkle og doble).

3:1:e «Ordbog over det norske Folkesprog» (1850, fortalen) og [Norsk Ordbog] (1873). Korrekturtrykk med egenhendige rettelser. Side I-XIV + 976 s.

### 3:2 Ordsamlingar og grammatikalske oversikter, mest frå Nordland

- 3:2:a Elias Thesen: «Ordsamling fra Nordland». 30 hefter (nummerert 1a, 1b-29) + «Forerindring», 1 dobbeltbl. + 2 hefter tillegg.
- 3:2:b «Ordsamling fra Nordlandene især Lofoten.» 1 hefte.
- 3:2:c «No 3. Helgeland fælles med andre dialekter.» 1 hefte.
- 3:2:d «Nordlandske Ord. 1851. Tillæg No. 1.» 1 hefte.
- 3:2:e «Oplysninger om Almuesproget i Nordlandene, fornemmelig Helgeland (Oktober 1846).» 1 hefte.
- 3:2:f Steen, Marcus Fredrik: «Samling af de i Carlsøe Præstegjeld ... oprindelige Ord ... 1835». 1 hefte. Vedlegg: Brev av 30.6.1835 fra M.F. Steen til «Udgiverne af Samlinger til det norske Folks og Sprogs Historie».
- 3:2:g Aage Claudius Schult: «Ordsamling fra Sparboen og flere Stæder i Trondhjems Stift af Toldcasserer Schult. Foræret I. Aasen.» 1 hefte.

### 3:3 Ordsamlingar med grammatikalske oversikter frå fleire stader, særleg Trøndelag

- 3:3:a «Oplysninger om Almuesproget i Ørkedalen og Guldalen (nærmest efter Sprogarten i Svorkmo Annex) (August 1846).» 1 hefte.
- 3:3:b «Oplysninger om Almuesproget i Nordmørs og Fosens Fogderier.» 1 hefte.
- 3:3:c «Oplysninger om Almuesproget i Nordre Trondhjems Amt indbefattende særskilt 1) Namdalens Fogderie, 2) Inderøens Fogderie med Størdalen og Værdalen (Desember 1846).» 1 hefte.
- 3:3:d «Om Almuesproget i Nordmør og Romsdalen» med en fortelling på dialekten om «Stemhesten». 1 hefte.
- 3:3:e «Om Almuesproget i Ørke- og Guldals Fogderie», med en fortelling, en anekdote, «Trulsvisen» og en vuggevise «Upp i Kaapaardala». 1 hefte.
- 3:3:f «Fosens Fogderie». 1 hefte.
- 3:3:g «Inderøen». 1 hefte.
- 3:3:h «Namdalens.» 1 hefte.
- 3:3:i «Ordsamling for Trondhjems Stift og Nordlandene.» 1 hefte.

### 3:4 Ordsamlingar og grammatikalske oversikter

- 3:4:a *Ordsamlinger og grammatikalske oversikter, hovedsakelig fra Hordaland.*

3:4:a:1 Materialier til Bearbeidelse af Almuesproget i den nordligste Deel af Bergens Stift». 1 bind.

3:4:a:2 «Den søndmørske Dialekt.» 1841. 1 hefte.

3:4:a:3 «Oplysninger om Almuesproget i de nordligste Dele af Bergens Stift, nemlig Søndmør, Nordfjord, Søndfjord og en Deel af Ytre Sogn. (Juli 1843).» 1 hefte.

3:4:a:4 «Materialier til Undersøgelse af Almuesproget i den nordligste Deel af Bergens Stift». 1 hefte.

3:4:a:5 «Oplysninger om det sognske Almuesprog. April 1843.» 1 hefte.

3:4:a:6 «Om det nordhordlehske Almuesprog.» 1 hefte.

3:4:a:7 «Nordhordlehske Ord.» 1 hefte + 5 bl. (enkle og doble) med «Tillæg» o.l.

3:4:a:8 «Oplysninger om det nordhordlehske Almuesprog. (September 1843) (og Februar 1844)». 1 hefte.

3:4:a:9 «Oplysninger om Almuesproget i den sydligste Deel af Bergens Stift, indbefattende særskilt 1. Hardanger, 2. Søndhordlehn.» 1 hefte.

3:4:a:10 Et eldre leksikalsk manuskript fra Hardanger. Av «Pastor» Koren? 2 dobbeltbl.

3:4:a:11 «Ord og Talemaader fra Hardanger (Kvam)». Tilsendt Aasen, håndskriften synes bekjendt, er det statsråd Nils Hertzberg? 2 dobbeltbl.

3:4:a:12 «Oplysninger om Almuesproget i Bergens Stift». Fullstendig grammattikk over dialektene i Bergens stift, samt «Tillæg» med «Bemerkninger over Skrimeadden», bl.a. om vokalsystemet og Aasens grunner for bruken av gravis som betegnelse for de åpne mellomlydene. 1 hefte.

3:4:a:13 «Ordbog over Almuesproget i Bergens Stift. Begyndelse». Dekker bokstavene a og aa. 1 hefte.

### *3:4:b Dialektbeskrivelser og ordsamlinger.*

3:4:b:1 «Ordsamling for Bergens Stift 1844. Med Tillæg for Kristiansands Stift (1845). Tillæg for Agershuus Stift, November 1845. Tillæg for det Nordenfjeldske, December 1846. Tillæg fra forskjellige Egne, Okt. 1847.» 1 bind.

3:4:b:2 «Tillæg til Undersøgelsen af Almuesproget paa Søndmøre: Exempler paa Almuesprogets Rigdom paa Udtrykke og nationale Benævnelser for simple, almindelige og huuslige Gjenstande». 1 hefte.

3:4:b:3 «Fragment af en Ordbog som Bilag til Fremstillingen af det søndmørske Almuesprogs Bygning og Egenskaber.» Dekker bokstavene a og b. 1 hefte. Ved omemballering i 2012 vurderer vi det slik at «[a og b]» i MMs katalog viser til innholdet i «Fragment af en Ordbog ...», og at dette tidligere feilaktig har blitt regnet som en referanse til to ulike enheter.

3:4:b:4 «Tillæg» til den søndmørske ordsamling. 3 dobbeltbl.

3:4:b:5 «Tillæg til Ordbogen fra Søndmør (1851)». 1 hefte.

3:4:b:6 «Tillæg til Ordbogen. No 2. Ny Ordsamling fra Søndmør. 1851. (Mestendeels fra Voldens Præstegjæld).» 1 hefte.

3:4:b:7 «Samling af Ord som forekomme i den sydlige Deel af Bergens Stift, men ikke i de nordligere Distrikter». Til slutt: «Materialier til Grammatiken af de vestenfjeldske Maalarter (Sogn til Lister)». 1 hefte.

3:4:b:8 «Om det vossiske Almuesprog». 1 hefte.

3:4:b:9 «Hardangersk.» 1 hefte.

3:4:b:10 «Om det hardangerske Almuesprog». 1 hefte.

3:4:b:11 «Hardanger (Ullensvang)». 1 dobbeltbl.

3:4:b:12 «Søndhordlehsk.» 1 hefte.

3:4:b:13 «Ordsamling for Stavanger Amt.» 1 hefte.

3:4:b:14 «Jæderen. Grammatikalske Oplysninger: Udtale og Bogstavføining.»

1 dobbeltbl.

3:4:b:15 «Ordsamling fra en Reise i Mandal og Lister m.fl. 1860.» 1 dobbeltbl.

3:4:b:16 En rekke leksikalske opptegnelser og tillegg, mest av andre.

3:4:b:16:a «Fra Nordfjord og Søndmør (Optegnelser af E. Løken og M. Aarflot).» 3 bl.

3:4:b:16:b «Fra Hallingdal», av Sander Raaen, 1866. 1 dobbeltbl. (sendt som brev), samt 3 dobbeltbl. og 1 enkeltbl.

3:4:b:16:c «Fra Nummedal af Hr. Nielsen». 1 dobbeltbl.

3:4:b:16:d «Fra Lensmand Poulsen. Aafjorden?»: «Ord af Gl. Norsk som bruges» og «Ord af Folkemalet». 1 hefte.

3:4:b:16:e «Fra Eivindvig». Notater og tillegg til 1. utg. av Aasens ordbok. 4 bl. (enkle og doble).

3:4:b:16:f «Fra Inderøen af Schult» Dekker bokstavene a og b. 4 dobbeltbl.

3:4:b:16:g «Ord fra Vaage i Gbr. meddeelte af Hr. Hansen». 1 dobbeltbl.

3:4:b:16:h «Ordsamling, meddelt af Heyerdal, mest fra Gudbrandsdalen». På siste side, «Fra Gudbrandsdalen og Toten. Meddelt af [C.] Säve, 1853». 1 dobbeltbl.

3:4:b:16:i «Af en Ordsamling fra Søndhordlehn (meddeelt af Hr. Unger)», samt «Af en Samling fra Hallingdal (Ungers)», «Af en Ordsamling fra Gudbrandsdalen (Meddeelt af Asbjørnsen)», «Af en Ordsamling fra Inderøen, meddeelt af Toldkasserer Schult». 1 dobbeltbl.

3:4:b:16:j «Ord fra Tellemarken hos Hallager (efter et Manuskript af Wille).» Heri også forskjellige andre små ordopptegnelser, etter forskjellige fra forskjellige steder. 1 dobbeltbl.

3:4:b:16:k «Fra Tellemarken af M.B. Landstad». 1 bl.

3:4:b:16:l «Ord til nærmere Undersøgelse (af Ordbogen og Tillæggene) 1854». «Nordenfelds. (Marts 72)?». «Nordenfelds at efterspørge». 3 dobbeltbl.

3:4:c *Dialektbeskrivelser og ordsamlinger. Mest fra Vestlandet.*

3:4:c:1 «Det søndmørske Almuesprogs grammatikalske Indretning 1838». Årstallet 1838 overstrøket. [ca. 1839? i følge Moltke Moe]. 1 hefte.

3:4:c:2 «Tillæg til Undersøgelserne af det søndmørske Almuesprogs grammatikalske Bygning. (1840)». 1 hefte.

3:4:c:3 «Tillæg til den søndmørske Grammatik». 2 dobbeltbl.

3:4:c:4 «Bemærkninger ved det Retskrivningssystem som er antaget i den søndmørske Ordbog.» 1 hefte.

3:4:c:5 «Rettelser og Tillæg til Grammatikken for Bergens Stift. (Mai 1844.)» 1 hefte.

3:4:c:6 «Tillæg til Grammatikken for Bergens Stift». 1 hefte.

3:4:c:7 «Søndfjord (1852).» Ordliste. 1 hefte.

3:4:c:8 «Ord fra Søndfjord» av A. Aabel 1860. 1 bl. I.p.p.

3:4:c:9 «Nye Ordsamlinger fra Søndfjord, Sogn, Voss, Hordeland og Ryfylke. Efter en Reise i Juli og August Maaneder 1852.» 1 hefte.

3:4:c:10 «Undersøgelse af det indresognske Almuesprog eller Forklaring over hvorvidt samme er forskjelligt fra Dialekterne i de nordligere Egne. Februar 1843». 1 hefte.

3:4:c:11 «Tillæg til den sognske Ordsamling». «Optegnelser: Sognske Ord». 1 enkelt og 1 dobbeltbl.

3:4:c:12 «Indresognske Ord». 1 dobbeltbl.

3:4:c:13 «Indresognske Ord». På siste side et sagn om en herremann «Falkur». 1 dobbeltbl.

3:4:c:14 «Indresognske Ord som ikke eller blot i en anden Form forekommer i den nordligste Deel af Bergens Stift». Med grammatikalsk oversikt. 1 hefte samt 1 dobbeltbl. med notater.

### 3:5 Dialektomtalar og ordsamlingar, frå Aasen og andre, mest frå Austlandet

3:5:1 «Ordregister for Agershuus Stift (Nov. 45)». 1 hefte.

3:5:2 «Ringerige og Budskerud». Siste side: «Grammatikalske Oplysninger». 1 hefte.

3:5:3 «Ordsamling fra Smaalehnenes Amt (især Eidsberg), samt en mindre Ordsamling fra Rommerige (især Sørum). 1853.» Med grammatikalske opplysninger. 1 hefte.

3:5:4 «Ordsamling fra Smaalehnene, især Eidsberg. (September 1853).» 1 hefte.

3:5:5 «Smaalehnene. Fælles med andre Dialekter». 1 dobbeltbl.

3:5:6 «Smaalehnene, 1853. Fælles med andre Dialekter. (Fortsættelse)». 1 dobbeltbl.

3:5:7 «Rommerige (især Sørum)». 1 dobbeltbl.

3:5:8 «Rommerige fælles med adskillige andre Dialekter. (Mest efter Hr. Harald Wergelands Optegnelser)». 1 dobbeltbl.

3:5:9 «Hallingdal». Med en grammatisk oversikt. Siste side: «Ringerige og Budskerud fælles med andre D.» 1 hefte.

3:5:10 «Hallingdal». Med grammatiske opplysninger. 1 dobbeltbl.

3:5:11 «Ringerige og Budskerud». Med grammatiske «Former». 1 dobbeltbl.

3:5:12 «Ordsamlinger af ældre Skrifter (August 1850). 1. Af en [Hansens og Grøttings] Ordsamling fra Hallingdal; 2. Af 'Reglo o Rispo fraa Valdris'.» Begge med grammatiske oversikter. 1 hefte.

3:5:13 «Ny Ordsamling fra Hallingdal og Ringerige. Efter en Reise i Juni Maaned 1852.» 1 hefte.

3:5:14 «Ord fra Hallingdal (Hols Sogn) efter en Ordsamling af 'Ole Ryg og S. Raaen' (fra 1864).» 1 hefte.

3:5:15 «Hallingdal. August 1866.» 1 hefte.

3:5:16 «Meddelte Ordsamlinger 1866.» 1 dobbeltbl.

3:5:17 «Fra Hallingdal 1866, 1867 og 1870.» Notater fra andres opptegnelser, deriblant etter J.E. Nielsen og S. Raaen. 7 dobbeltbl. i omslag, merket a-g.

3:5:18 «Ny Ordsamling fra Hallingdal. Febr. 1867.» På forpermen: «Med Tillæg for 68.» 1 hefte.

3:5:19 «Ordsamling for 1866. Mest fra Hallingdal ... ellers fra mange Distrikter». 1 hefte.

3:5:20 «Ordsamling for 1867.» Mest fra Hallingdal etter S. Raaen, noe også fra Solør og Østerdalen. 1 hefte.

3:5:21 «Ordsamling for 1868. Mest fra Hallingdal og Telemarken». Til slutt: «Ordsprog». 1 hefte.

3:5:22 «Fra Hallingdal og Ringerige. Efter Hansens og Grøttings Samling. Efter Wiel. (Til Efterspørsgsel)». 1 dobbeltbl.

3:5:23 «Til 'Søgnir fra Hallingdal', 1868.» 1 hefte.

3:5:24 «Af 'Søgnir fraa Hallingdal'.» 1 dobbeltbl.

3:5:25 «Fra Valders. Efter Hande's Folkesagn, 1870.» 1 dobbeltbl.

3:5:26 En rekke løse ordopptegnelser fra Hallingdal av S. Raaen. I et konvoluttomslag til Aasen fra P.T. Malling. 18 bl. Samt, med Aasens hånd, 4 dobbeltbl. «Fra S. Raaen», 1 dobbeltbl.

«Fra Hallingdal. December 1866», 1 dobbeltbl.

«Fra Hallingdal (Hoel), 68», 1 dobbeltbl.

«Hallingdal 67», 1 dobbeltbl.

3:5:27 «Lexikalske Bemærkninger til mulig Afbenyttelse for Hr. I. Aasen fra J. Hørbye». 1 hefte.

3:5:28 «Optegnelser fra Rommerige af Harald Wergeland». 5 dobbeltbl.

3:5:29 «Oplysninger om Almuesproget i Budskeruds Amt. (Juli 1845).» 1 hefte.

### 3:6 Dialektomtalar og ordsamlingar, frå Aasen og andre, mest frå Austlandet

3:6:1 «Valders». 1 hefte.

3:6:2 «Land, Hadeland, Toten, Hedemarken.» 1 dobbeltbl.

3:6:3 «Almuesproget i Guldbrandsdalen.» 1 hefte.

3:6:4 «Guldbrandsdalen.» 1 hefte.

3:6:5 «Fra Gudbrandsdalen og Toten ved C. Säve 1853», skrevet på med M.M.s hånd. «(Tillägg till Iv. Aasens Norske Ordbog.)» Datert 23. august 1853. 1 hefte.

3:6:6 «Ordsamling fra Kristians Amt. el. Guldbrandsdalen (Fron), Toten, Hadeland (Gran) og Hurddalen. September 1854.» 1 hefte.

3:6:7 «Ordsamling fra Østerdalen og Solør. (Juli 1859).» 1 hefte.

3:6:8 «Østerdalen og Solør 1859.» 1 dobbeltbl.

3:6:9 «Ordsamling i Juli og August 1856. (Østerdalen og Trondhjems Stift)». 1 hefte.

3:6:10 «Fra Solnør, af Hr. [M.] Arnesen». 1 dobbeltbl.

3:6:11 «No. 9. En Deel af Kristians og Hedemarkens Amter. Oplysninger om Almuesproget i den sydligste Deel af Kristians Amt tilligemed Hedemarken. September 1845.» 1 hefte.

3:6:12 «No. 10. Guldbrandsdalen. Oplysninger om Almuesproget i Guldbrandsdalen (Nærmest efter Sprogarten i Sells Annex) November 1845.» 1 hefte.

3:6:13 «Fra Gudbrandsdalen (tilstillet Aasen c. 1850, rimeligvis fra en

embedsmand i dalen. Jfr. s. 25, hvor der meddeles nogle finmarkske ord)». Påskriften med M.M.s hånd. 1 hefte.

3:6:14 «Norske ord optegnede af en svenske omkr. 1850.» Påskriften med M.M.s hånd. 1 dobbeltbl. med [Johan Lindeqvists] hånd, hans navn påført med blyant, 1 dobbeltbl. med Aasens hånd.

3:6:15 «Fra Telemarken ved Hr. Aubert 1879.» 1 dobbeltbl.

3:6:16 «Norske Ord fra nordre Østerdalen c. 1880». 1 dobbeltbl.

3:6:17 Ordopptegnelser av Hans Ross. 6 bl. (enkle og doble).

### 3:7 Dialektomtalar og ordsamlingar, frå Aasen og andre, mest frå Austlandet

3:7:1 «Nøiere Udvikling af nogle Ord, som have flere Betydninger». Fra midten av 1840-årene. 1 hefte. I.p.p.

3:7:2 «Ordregister for Kristiansands Stift». 1 hefte.

3:7:3 «Om Almuesproget i Tellemarken.» 1 hefte + 2 bl. med «Tillæg».

3:7:4 «Til den tellemarkiske Ordsaml. Ord som dialekten har fælles med enkelte andre». 1 dobbeltbl.

3:7:5 «No 11. Ny Ordsamling fra Tellemarken især fra Vinje, Mo og Laardal. 1853.» 1 hefte.

3:7:6 «Ordsamling Dalen (Juli 1853)». Opptegnelser fra forskjellige steder i Telemark. 6 dobbeltbl.

3:7:7 «Ord fra Tellemarken (især Vinje, Mo og Laardal) 1853». 1 hefte.

3:7:8 «Ordsamling fra Nummedal og den østligste Deel af Telemarken, især Tinn (Juli 1855)». 1 hefte.

3:7:9 «Ordsamling for 1865. Mest fra Telemarken og Sætersdalen efter en Reise ...» 1 hefte.

3:7:10 «Af Sveinungsons Ordsamling fra Telemarken (1867).» 1 hefte.

3:7:11 «Af de tellmarkiske Viser. Febr. 49.» «Af de tellemarkiske Viser. 1849/1». 2 dobbeltbl.

3:7:12 «Om det sætersdalske Almuesprog.» 1 hefte.

3:7:13 «Nedenæs og østre Raabygdelaget.» 1 dobbeltbl.

3:7:14 A. Arbo: «Ord fra Øiestad og nærmeste Omegn i Nedenæs.» 1 dobbeltbl.

3:7:15 «Om Almuesproget i Lister og Mandals Amt». 1 hefte.

3:7:16 «Fra Mandals og Raabygdelagets Amter især Sætersdalen, 1854.» 1 hefte.

3:7:17 «Ordsamling for 1854: Mest fra Sætersdalen, Tellemarken, Hadeland, Toten og Gudbrandsdalen.» «Lister og Mandals Amt» og flere ordsamlinger fra samme område. 3 hefter + 11 bl. (enkle og doble).

3:7:18 «Oplysninger om Almuesproget i Mandals og Nedenæs Amter indbefattende særskilt: 1. Listers og Mandals Amt, 2. Sætersdalen eller vestre Raabygdelaget, 3. Nedenæs og østre Raabygdelaget. (Januar 1845.)» 1 hefte.

3:7:19 «Oplysninger om Almuesproget i Tellemarken; nærmest indrettede efter Dialekten i Sillejords Præstegjeld. (Mai 1845)». 1 hefte.

3:7:20 [Mikkel Mandt]: «Oldnordiske eller Islandske Ord, som endnu findes i Thellemarkiske Dialect.» «Ordsamlinger fra Laardal og Mo meddelt af Lensm. Mandt.» Innsendt til av S. O. Wolff. Wolffs navn er påskrevet med blyant. 36 + 2 bl. i omslag + 7 bl. (enkle og doble).

3:7:21 «Stavanger Amt». 2 bl. (enkelt og dobbelt).

3:7:22 «Oplysninger om Almuesproget i Stavanger Amt. (November 1844)». 1 hefte.

### 3:8 Namn på dyr, plantar og fuglar

3:8:1 «Register over de Arter af Dyr som findes paa Søndmør; efter Strøm ... 1838.» 1 hefte + 1 innlagt bl.

3:8:2 «Fortegnelse over Dyr som opholde sig i de nordiske Lande efter Kjelsens Naturhistorie. 1837.» 8 bl. (enkle og doble).

3:8:3 «Navne paa Dyr og Væxter. Naturhistoriske Trivielnavne som ere brugelige paa Søndmør». 1 hefte.

3:8:4 «Dyrs Navne.» 1 dobbeltbl.

3:8:5 «Væxters Navne.» 1 dobbeltbl.

3:8:6 «Norske Dyrenavne». 1 hefte.

3:8:7 «Dyrene i Sverige og Norge efter Prof. Nilssons Skand. Fauna.» 1 hefte.

3:8:8 «Navne paa Dyr og Fugle, m.m.» 1 hefte + 1 innlagt dobbeltbl.

3:8:9 «Dyrenavne efter ældre Forfattere». 1 hefte.

3:8:10 «Optegnelser af Nilssons Skandinaviske Fauna, Fiskerne. Lund 1852 f.» 1 dobbeltbl.

3:8:11 «Sammenstilling af Dyrs Navne (1883). «Norges fiske (efter Ordningen hos Collett)». 3 dobbeltbl. + 1 dobbeltbl.

3:8:12 «Fuglenavne ordnede efter Nummerne i Collets N. Fugle.» 2 bl.

3:8:13 «De skandinaviske Amfibier efter Nilssons Skand. Fauna. Lund 1842.» 1 dobbeltbl.

3:8:14 Diverse notater, mest etter S. Nilsson: Skandinavisk fauna (1858). 12 bl. (enkle og doble).

### 3:9 Plantenamn og tørka plantar

#### 3:9:a Plantenavn.

3:9:a:1 «Nogle Vexters Navne paa latinsk, dansk, og norsk, udskrevet af H. Strøms Beskrivelse over Søndmør, og nogle af L. Hallagers norske Ordsamling eller Ordbog. I Aaret 1832 af Iver Andreas Aasen.» 1 dobbeltbl.

3:9:a:2 «Systematiske Navne paa Planterne i Strøms Register over Søndmørs Vexter.» 1 hefte.

3:9:a:3 «Fortegnelse over Søndmørs Planter (Strøms Søndm. Beskr. og ... efter Hornemans Plantelære) 1838.» 1 hefte.

3:9:a:4 «Fortegnelse over Planterne i mit Herbarium, 1839». 1 hefte.

3:9:a:5 «Fortegnelse over Søndmørs Planter I.I.A. 1839.» 1 hefte + 1 innlagt dobbeltbl.

- 3:9:a:6 «Register over vilde og dyrkede Vækster som forekomme paa Søndmør». 1 hefte + 1 innlagt dobbeltbl.
- 3:9:a:7 «Søndmørske Planteslægter efter Jussæus System.» 1 dobbeltbl.
- 3:9:a:8 «Adskillige søndmørske Planters Egenskaber og Anvendelse.» 1 hefte.
- 3:9:a:9 «Vilde Planter som kunde fortjene at dyrkes». 1 bl.
- 3:9:a:10 «De offisielle Planter efter de Candolle's naturlige Plantesystem». 1 dobbeltbl.
- 3:9:a:11 «Norske Plantenavne. 1859, efter Hornemann.» «Planenavne fra Sehübeler. Marts 1871.» 1 + 1 dobbeltbl.
- 3:9:a:12 «Norske Plantenavne. 1856.» 1 hefte.
- 3:9:a:13 «Norske Plantenavne». 1 hefte.
- 3:9:a:14 «Register over norske Plantenavne efter Budstikken for 1860». 1 hefte.
- 3:9:a:15 «Voksterkynderne efter Sträszle, Naturgeschichte». 1 dobbeltbl.
- 3:9:a:16 «Voksternamn radade etter Fries's System». 1 dobbeltbl.
- 3:9:a:17 «Emner til Plantenavne». 1 bl. I.p.p.
- 3:9:a:18 «Naturhistoriske Optegnelser». Diverse notater, mest til plante- og dyresystematikk. 1 konvolutt + 2 hefter + 13 bl. (enkle og doble).

### 3:9:b Gjenstandar

Sjå Ymse arkivalia s. 315.

### 3:10 Ordlister og oppteikningar

- 3:10:1 «Af nyere Skrifter.» Bl.a. fra Østgaards «En Fjeldbygd»; «Folkevennen»; Sundts «Om Renligheds-Stellet ...» og «Om Sædeligheds-Tilstanden ...», Landstads «Norske Folkeviser». Ved ein revisjon i 1980 blei det notert at noko manglar, men det er ukjent kva dette kan ha vore. 11 dobbeltbl. i omslag.
- 3:10:2 «Norske Ord samlede af trykte Skrifter. 1852.» 1 hefte.
- 3:10:3 «Glossarium af Skrifter i Landsmaalet. 1858.» «Af 'Dølen'.» «Optegnelser af Dølen ...» «Af Hungervekja». 5 dobbeltbl.
- 3:10:4 «Glossarium af Skrifter i Landsmaalet.» 1 hefte.
- 3:10:5 «At optage af Glossariet af nyere Skrifter 1859.» 1 dobbeltbl.
- 3:10:6 «Ordsamling af Skrifter i Landsmaalet, til Udgangen af 1860. Med senere Tillæg.» 1 hefte.
- 3:10:7 «Af Dølen. 3die Aargang 1862.» «Af 'Ferdaminne'», del I og II. «Af Sommers Norges Saga. 1862.» 4 dobbeltbl.

### 3:11 Ymse forarbeid til ordboka

3:11:a Diverse forarbeider til ordboken, mest 2. utg.

- 3:11:a:1 «Følgestykker til den norske Ordbog. I. November 1850.» Inneholder to ord-samlinger:
- a) «Samling af norske Ord som ere uddragne af forskjellige trykte og utrykte Skrifter og som mangle i Ordbogen.»

b) «Forældede Ord og Former, som findes at ligge til Grund for adskillige afledede og sammensatte Ord.» 1 hefte.

3:11:a:2 «Tillæg til den norske Ordbog. 1851-1860 og senere.» 3 hefter.

3:11:a:3 «Tillæg til Ordbogen over det norske Folkesprog. December 1851. Med Rum til senere Fortsættelse». Større samlinger som er innført er «Nordland» 1851, «Søndmør» 1851, «Hallingdal» 1852, «Søndfjord» 1852, Vest-»Tellemarken» 1853 og «Smaalenene» 1853. 1 hefte.

3:11:a:4 «Register (No. 2) over Ordene i det norske Folkesprog. Kristiania 1848.» 1 bind.

3:11:a:5 «Ord-Register for det norske Maal eller Norsk Ordliste 1864.» 1 bind.

3:11:a:6 «Prøveblad af en ny Ordbog. (Aug. 65).» 1 dobbeltbl.

3:11:a:7 «Prøver af en ny Bearbeidelse af Ordbogen (Af forskjellige Bogstaver). 1865?». Påskriften på omslaget skrevet av M.M. 17 bl. i omslag.

3:11:b *Diverse forarbeider til begge utgavene av ordboken.*

3:11:b:1 «Ordsamling af Haandskrifter meddelelte til Brug eller gjennemseede. 1865.» 1 hefte.

3:11:b:2 «Smaa Optegninger til en ny Ordbog. 1864.» 1 hefte.

3:11:b:3 «Tillæg og Rettelser i Ordbogen. Marts 1870.» 16 dobbeltbl. + 1 omslag med påskrift.

3:11:b:4 «Vedlæg til Ordbogen over det norske Folkesprog, indeholdende Ord som ere samlede af ældre Skrifter, 1852. Med senere Tillæg». Inneholder også 1) «Hoved-Kilder.» og 2) «Ord af Gammel Norsk som ikke endnu ere forefundne i Dialekterne.» 1 hefte.

3:11:b:5 «Vedlæg til den norske Ordbog, indeholdende Ord som forefindes i prentede Skrifter. Omskrivning og Forøgelse af en ældre Samling. 1864.» 1 hefte.

3:11:b:6 «Ordregister af Gammel Norsk. 1863 og følg.» 1 hefte.

3:11:b:7 «Likning med Skyldmaalom (Sammenstillende Ordregister) 1865.» 1 hefte.

3:11:b:8 «Optegnelser til Ordbogen (1846).» 1 hefte.

3:11:b:9 «Tabeller og Exempelsamlinger til at bruge ved Fyldningen af Ordregistret. Kristiania 1848.» 1 hefte.

3:11:b:10 «Lydforhold m.m.» 1 hefte.

3:11:b:11 «Register over Endelser (Suffixer) og Sammensætningsord. (1857).» 1 hefte.

3:11:b:12 «Fra Videnskabsselskabets Bibliothek (Trondh.) (Optegnelser i August 1882).» 2 dobbeltbl.

3:11:b:13 «Samling af Talemaader, som dannes af to eller flere sammenstillede Ord, især Verber og Partikler. Fra 1843?» 1 hefte.

3:11:b:14 «Samling af norske Ord, hvis Oprindelse er mere eller mindre vanskelig at kjende. Chr. 1843.» 1 hefte.

3:11:b:15 «Register over de Ord, hvorom nærmere Oplysning er at finde i enkelte Ordbøger eller gamle Skrifter, med Henviisning til Sidetallene i de blandede Optegnelser.» 1 hefte.

3:11:b:16 «Tillæg til den norske Ordbog. Fra November 1850.» 1 hefte.

3:11:b:17 «Ordsamling for 1855. Mest fra Tinn og Nummedal, desuden fra Sogn, Guldalen og fl.» 1 hefte.

3:11:b:18 «Ordsamling for 1856. Mest fra Indherred (Snaasen, Sparbuen, Stjørdalen) og Østerdalen (Røros, Tønsæt, Elvedalen). Nogle Ord ... fra Drammen Omegn af Hr. Clausen.» 1 hefte.

3:11:b:19 «Ordsamling for 1857. Mest fra Valders og Toten, ellers fra meget forskjellige Steder.» 1 hefte.

3:11:b:20 «Ordsamling for Aaret 1858. Mest fra Stavanger og Mandals Amter (Hjelmeland, Aardal, Siredal, Fjotland, Aaserall).» 1 hefte.

3:11:b:21 «Ordsamling for Aaret 1859. Mest fra Østerdalen, især Trysil, og ellers fra forskjellige Steder.» 1 hefte.

3:11:b:22 «Ordsamling for Aaret 1860. Fra forskjellige Steder ...» Lister og Mandal, Nordfjord, Valders, o.fl. 1 hefte.

3:11:b:23 «Ordsamling for Aaret 1861. Fra forskjellige Steder, især Nedernæs (Holt, Gjerestad), Valders og Nordland.» I tillegg utdrag fra en ordsamling fra Vesterrålen av Elias Thesen. 1 hefte.

3:11:b:24 «Ordsamling for Aaret 1862. Største Delen fra forskjellige Steder.» Dessuten et par små samlinger fra Andreas Aabel (Romerike) og Hans Ross (Kristiansand stift). 1 hefte.

3:11:b:25 «Ordsamling for 1863 og 1864.» Flere ord fra Telemark ved Asmund O. Vinje, fra Valdres ved Johannes Belsheim, fra Tydal ved Ole Stuevold Hansen, fra Hardanger ved Sjur A. Sexe, fra Rana ved Ole Tobias Olsen. Noen ord fra en reise til Sogn og Voss. 1 hefte.

3:11:b:26 «Ordsamling for 1869. Fra forskjellige Distrikter.» 1 hefte.

3:11:b:27 «Ordsamling for 1870, og tildeels for paafølgende Aar.» 1 hefte.

3:11:b:28 «Optegnelser af et Par Ordsamlinger fra H. Ross.» 1 hefte.

3:11:b:29 «Henviisning til norske Dialekt-Ordsamlinger». Referanser til Chr. Jenssøns Glosebog (1646), Gerhard Munthe fra Sogn, C.R. Unger fra Søndhordland og Hallingdal, Peter Chr. Asbjørnsen fra Gudbrandsdalen, Aage Claudius Schult fra Inderøy og Christie. Bakerst: fra Knud Leems «lappiske Nomenclator». 1 hefte.

3:11:b:30 «Norske Ord samlede af trykte Skrifter. Oktober 1850.» Samlet fra:

1) Jacob Nikolai Wilses beskrivelse av Spydeberg,

2) E.G. Schyttes samling fra Lofoten i «Det skand. Lit. Selskabs Skr. 1807», samt «Anmerkninger ved Hr. Schyttes Lofotens Ord», sammested,

3) Hugo Fredrik Hjorthøys beskrivelse av Gudbrandsdalen,

4) Johan Mikael Lunds beskrivelse av Øvre Telemark,

5) Jens Essendrups beskrivelse av Lier. 1 hefte.

3:11:b:31 «Ordsamlinger af ældre Skrifter (Oktober 1852).»

1) «Af en Ordsamling fra Senjen af Steen.»

2) «Af en Samling fra Tellemarken af Mandt.» Innsendt av S. O. Wolff, jfr. 3:7:20. 1 hefte.

3:11:b:32 «Af ældre Bøger 1.»

1) «Nordland (1851)» + «Ordsamling fra Nordlandene (1851)»,

2) «Af Ordregistret til Landsloven»,

3) «Af Tidsskriftet 'Urda'« samt «Saga» og «Ny samling» + «Optegnelser af Skrifter. (1865)», fra «Urda» og «Saga»,

4) «Til Strøms Søndmørs Beskrivelse»,

5) «Af Strøms Søndmørs Beskrivelse» samt «Af Krogs Beskrivelse over Nordfjord» og «Af Lappisk Nomenclator»,

